

ÅRSMELDING ETNE KOMMUNE 2022



Innholdsliste

1. Innleiing – kommunedirektøren sine vurderingar	4
2. Samfunn- og organisasjonsutvikling.....	6
2.1 Befolkningsutvikling	6
2.2 Folkehelse	6
2.3 Etikk og etterleving.....	6
2.4 Kjønnsfordeling og likestilling	6
2.5 Risikostyring og internkontroll	7
2.6 Bustadutvikling.....	7
3. Årsmelding frå økonomisjef.....	8
3.1 Nøkkeltal.....	8
3.2 Driftsinntektene	12
3.3 Driftsutgiftene.....	12
3.4 Finanstransaksjonar	13
3.6 Kommentar til budsjettavvik	13
4. Administrasjon.....	15
4.1 Lønn og Personal.....	15
4.2 Økonomi og stab.....	15
4.3 IKT	15
4.4 Politisk organisering	16
4.2 Budsjett aksjonar	18
5. Oppvekst og kultur	20
5.1 Barn og unge	Feil! Bokmerke er ikkje definert.
5.2 Barnehage	22
5.3 Skule.....	24
5.4 Kultur	26
5.5 PPT.....	32
5.6 Barnevern	33
5.5 Budsjett aksjonar	36
6. Helse og Omsorg	39
6.1 Innleiing	39
6.2 Helse	39
6.2.1 Helsestasjon, skulehelseteneste og jordmortenesta.....	39
6.2.3 Psykisk helse og rustenesta.....	40
6.2.4 Psykososialt kriseteam.....	41
6.2.5 Ergo- og fysioterapitenesta	41
6.2.5 Frisklivstilbod	42
6.2.6 Fastlege	42
6.2.7 Interkommunal legevakt	42
6.2.8 ØHD.....	42
6.2.9 Miljøretta helsevern.....	42
6.2.10 Kommuneoverlege	43
6.2.11 Tenester for personar med funksjonshemming og miljøarbeidstenesta	43
6.3 PLO	43
6.3.1 Institusjon.....	44
6.3.3 Heimetenester og bemanna bu	45
6.3.4 Dagsenter for personar med demens.....	45
6.3.5 Velferdsteknologi	45
6.4 NAV Vindafjord-Etne	45

7. Utvikling og Drift.....	52
7.1 Innleiing	52
7.2 Investering	52
7.3 Næring	53
7.4 Utvikling	53
7.5 Samferdsle.....	55
7.6 Bygg	55
7.7 Budsjett aksjoner	58



1. Innleiing – kommunedirektøren sine vurderingar

Dette året har vore prega av utfordringar og moglegheiter på mange område, og vi i kommunen har jobba hardt for å møte dei med styrke og handlekraft.

Den største utfordringa vi har stått overfor, og som har påverka oss alle i større eller mindre grad, er sjølvstekt pandemien. Vi har alle vore nøydde til å tilpasse oss ein ny og uventa situasjon, og det har kravd mykje av oss. Kommunen har vore ein viktig aktør i kampen mot viruset, og vi har jobba tett saman med både innbyggjarar og andre instansar for å hindre smitte og halde kommunen trygg. Etne kommune har også lagt til rette for vaksinerings av innbyggjarane våre, og vi har jobba aktivt med å oppfordre alle til å ta vaksinen.

Samstundes som vi har handtert pandemien, har vi heldigvis også hatt moglegheiter til å jobbe vidare med utviklinga av tenestene våre. Året 2022 har vore eit år der vi har sett framover, der vi har jobba for å gjere kommunen vår til ein enda betre stad å bu og leve.

Eit av områda vi har jobba særleg med, er eldreomsorga. Kommunen har ei stor og veksande eldrebefolkning, og det er viktig for oss å sikre at alle får den omsorga og støtta dei treng.

Eit anna område som har vore viktig for oss i 2022, er miljø og klima. Kommunen har lagt ned mykje arbeid i å lage ein klimaplan på dette området, både gjennom eigen satsing og samarbeid med andre aktørar. Vi har begynt jobben med å redusere utsleppa våre og leggje til rette for meir miljøvennlege løysingar innanfor transport og energi.

I tillegg har kommunen jobba med å styrke samarbeidet mellom næringslivet og kommunen. Etne kommune har mange sterke næringslivsaktørar, og det er viktig for oss å leggje til rette for at dei skal kunne blomstre og vekse. Vi har difor eit ynskje om å skape ein god dialog mellom næringslivet, landbruk og kommunen. Dette blir en prioriteringsområde i framtida også.

I 2022 har kommunen også jobba med å styrke samarbeidet med nabokommunane og regionen vår. Etne kommune har alltid hatt eit godt samarbeid med nabokommunane, men i 2022 har vi jobba aktivt med å bygge sterkare bruer for å sikre at vi kan hjelpe kvarandre når det trengs.

Etne kommune står overfor ein rekke demografiske utfordringar som krev ein proaktiv tilnærming og samarbeid med nabokommunane. Som mange andre kommunar i Noreg, opplever Etne ein aldrande befolkning, som fører til ei auke i behov for helse- og omsorgstenester, og eit aukande rekrutteringsbehov. Samarbeidet med nabokommunane er ikkje berre avgjerande for å takle dei utfordringane vi står overfor, men det er også ein viktig del av vår strategi for å bygge ein sterkare og meir levedyktig region. Vi trur at gjennom samarbeid og samhandling kan vi styrke vår posisjon som ein attraktiv bygd å bu og arbeide i, samtidig som vi tek vare på dei verdiane og ressursane som er unike for vår kommune. Derfor har vi jobba aktivt med å etablere og delta i regionale næringsutviklingsprosjekt, og vi ser fram til å fortsetje dette arbeidet i åra som kjem.

Eit anna viktig område vi har jobba med i 2022, er digitalisering. Kommunen har gjennomført fleire digitaliseringsprosjekt og investeringar for å gjere det enklare for innbyggjarane våre å nytte seg av kommunale tenester. Vi har også jobba med å sikre god informasjonssikkerheit og personvern for innbyggjarane og våre tilsette.

Til slutt vil eg takke alle som har jobba hardt for å gjere 2022 til eit godt år for Etne kommune. Eg vil også takke innbyggjarane våre for deira tolmod og samarbeid i ein tid prega av pandemi og endringar. Kommunedirektøren vil også nytta høvet til å takka dei folkevalde for innsatsen dei har ytt gjennom politiske vedtak, diskusjonar, synfaringar og meiningsbrytingar i det offentlege rom for å finna dei beste løysingane for innbyggjarane i Etne.

Vi ser fram til å fortsetje arbeidet med å utvikle kommunen vår og gjere den til ein endå betre stad å bu og leve.

God lesing!



Filippo Ballarin
Kommunedirektøren



2. Samfunn- og organisasjonsutvikling

2.1 Befolkningsutvikling

I 2022 var det eit positiv utvikling i innbyggjartal (+30).

I frå 2021 til 2022 er det ei auke i barn 0-5 år på totalt 12 barn. Barn i skulealder har og ein svak oppgang (+8). Gruppa på over 67 år aukar også i 2022. Relativt sett har Etne kommune ein større del av befolkninga frå 0-5 år, og i skulealder 6-15, i tillegg til eldre (67+) samanlikna med landet. Dette betyr at kommunen relativt sett har fleire innbyggjarar som har behov for primærtenester frå kommunen. Samla sett betyr dette at kommunen er dyrare å driva enn landssnittet.

Talet sysselsette har auka frå 462 i 2021 til 500 i 2022.

2.2 Folkehelse

Etne kommunen har forankra folkehelsearbeidet i samfunnsdelen i kommuneplanen og i 2020 blei Folkehelseoversikten for 2020-2024 vedteken. Kvart år vert folkehelseprofilen for kommunen gjort kjent. Denne skal overvakast slik at kommunen set i verk tiltak for å syta for god folkehelse i kommunen. Folkehelseprofilen viser at det er generelt gode oppvekst- og levevilkår i Etne kommune. Det er eit punkt som slår ut spesielt i dette årets profil og det er drikkevatt, hygiene og stabilitet som er 86% mot fylket på 94% og landsgjennomsnitt på 90 %.

2.3 Etikk og etterleving

Etne kommunen si verksemd er underlagt ein rekkje lovar, reglar og krav. Kommunen har høg merksemd på dette og har gode rutinar for etterleving. I 2022 har det vore jobba med nytt internkontroll system som skal innførast i 2023. Det er og lagt til rette for ei heilskapleg oppbygging av HMS og kvalitetssystemet. Dette arbeidet vi forsetja inn i 2023. Involvering av tillitsvalde og verneombod er viktig for kommunen og dette har vore fokusområde gjennom 2022. Dei vedtekne etiske retningslinjene for kommunen ligg i botn for alt me gjer og utfører i det daglege arbeidet på tvers i heile organisasjonen.

Etne kommune sine verdier er nedfelt i planverket og er:

- Trygg
- Raus
- Engasjert

Desse står sterkt i organisasjonen og dannar grunnlaget for leiarane, arbeid med kompetanse- og personalutvikling.

2.4 Kjønnsfordeling og likestilling

Etne kommune har stort fokus på likestilling og kjønnsfordeling. Kommunen si leing består av 8 personar, kor 4 er kvinner og 4 er menn.

Det er ei strategisk målsetjing for kommunen å jobba for fleire heiltidsstillingar innan dei tradisjonelle kvinneyrka. Det gir fleire val for kvar enkelt. I 2022 er det fullført eit arbeid med stillingsmatrise og lønnskategoriar. Her har ein av hovudmålsetjingane vore å sikra likebehandling på tvers i organisasjonen. Under ser ein oversikt på heil- og deltid, og fordeling mellom kvinner og menn i heile organisasjonen. Talet på delen tilsette er vist i parentes. Tal tilsette menn i deltid har auka frå 8 til 43. Dette skuldast deltidsstillingar i Etne brann og redning. Tal kvinner i heiltid har auka frå 113 til 131.

Årsverk/tal tilsette					
Område	Årsverk	Heiltid		Deltid	
		Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
Totalt EK	324 (457)	131 (131)	35 (35)	148 (248)	10 (43)

Kilde: KS' PAI-register pr. 01.12.2022

2.5 Risikostyring og internkontroll

I 2022 har det vore arbeidd med systematisk risikokartlegging og oppfølging i alle sektorar og einingar på tvers av organisasjonen. Dette er ein integrert del av det daglege arbeidet og skal og danna grunnlaget for kontinuerleg forbetring.

Internkontrollen består av mange aktivitetar, og i 2022 har melding og lukking av avvik stått sentralt. Her har me sett at lukketida for avvika har gått opp gjennom året. Det vil og vera stort fokus framover på lukketider og kvalitet på avvik. Planen for oppfølging av kvalitet i arbeidet og planar for vernerundar danner grunnlaget for å følgja opp ansvaret for etterleving av rutinar. Her er både tillitsvalde og verneombod sentrale aktørar, og bidraget her har gjennom 2022 vore betydeleg.

2.6 Bustadutvikling



Arealrekneskapen i kommuneplan syner at kommunen har ein betydeleg bustadreserve, både for regulerte bustadtomter og framtidige område for bustad. Eit omtrentleg framsyn syner at gitt byggjeaktivitet som i dag (om lag 20 bu-einingar i året) vil den potensielle reserven på om lag 500 bueiningar vera tilstrekkeleg i 25 år. Fortetting i eksisterande byggjeområde utanfor reguleringsplan kjem i tillegg.



3. Årsmelding frå Økonomisjef



Etne kommune fekk eit underliggende positivt netto driftsresultat på kr 9,3 mill./2,11% i 2022. Budsjettert resultat var på 6,4 mill./1,65%, og justert netto resultat gjennom året var 9,5 mill./2,2%. Det underliggende resultatet er nesten likt justert netto driftsresultat. Det har i 2022 vore fokus på å få god budsjettdisiplin. Og ein har jobba godt med rapportering og endå betre kjennskap til budsjett og løyvingar nedover i organisasjonen.

Netto lånegjeld minka gjennom 2022 frå 64,2% til 61% av driftsinntekter, noko som er innanfor målsetjinga på 70 % etter kommuneplanen. Kommunen hadde ved utgangen av året 2022 ei samla gjeld på 344 mill., der lån i Husbanken for vidare utlån utgjer vel 37,4 mill.


3.1 Nøkkeltal









Driftsutgifter 2022



Driftsutgifter 2022



Lønn



3.2 Driftsinntektene

Etne kommune sine driftsinntekter består av:

- Skatteinntekter; formues-, inntekts-, og eigedomsskatt
- Heimfallsleige, konsesjonsavgifter
- Rammetilskot frå staten
- Momskompensasjon drift og investering
- MVA oppgåve
- Diverse øyremerka statstilskot
- Andre driftsinntekter inntektsført direkte på einingane, som til dømes refusjonar og sjukepengar
- Brukarbetalingar, gebyr osv.

Samla driftsinntekter i 2022 var 443,4 mill. kroner, mot 405,2 mill. i 2021 (9,4% auke).

Skatteinntekter, formue- og inntektsskatt, utgjør 139,3 mill. I 2021 var skatteinntegangen, inklusiv naturressursskatt, 131,6 mill. Overføringane og tilskot i 2022 var 48,3 mill. mot 45,7 mill. i 2021. Rammetilskot auka til 158,3 mill., opp 1,5 mill. mot 2021 (156,8 mill.). Eigedomsskatten i 2022 var på 23 mill. mot 20,3 mill. i 2021.

Sals- og leieinntekter utgjorde 45,2 mill. i 2022, opp frå 24,9 mill. i 2021. I førstnemnde beløp ligg sal av konsesjonskraft inne med cirka 25 mill. kroner.

Driftsinntekter	Rekneskap 2022	Reg. budsjett 2022	Oppr.budsjett 2022	Rekneskap 2021	Diff 2021-2022	Diff 2021-2022 %
1 Rammetilskudd	158 384 426	155 472 541	156 872 541	156 839 946	1 544 480	1,0 %
2 Inntekts- og formuesskatt	139 315 871	135 090 000	123 490 000	131 654 940	7 660 931	5,8 %
3 Eiendomsskatt	23 025 788	22 960 945	20 260 945	20 389 029	2 636 759	12,9 %
4 Andre skatteinntekter	4 276 400	4 212 000	4 212 000	4 293 923	-17 523	-0,4 %
5 Andre overføringer og tilskudd fra staten	12 989 636	6 914 470	4 914 470	9 292 558	3 697 077	39,8 %
6 Overføringer og tilskudd fra andre	48 319 775	40 247 146	39 979 787	45 720 601	2 599 174	5,7 %
7 Brukerbetalingar	11 908 195	11 286 423	11 741 423	12 040 426	-132 231	-1,1 %
8 Salgs- og leieinntekter	45 267 517	42 082 449	30 257 449	24 979 184	20 288 333	81,2 %
9 Sum driftsinntekter	443 487 608	418 265 974	391 728 615	405 210 607	38 277 001	9,4 %

3.3 Driftsutgiftene

Etne kommune sine driftsutgifter (eksklusiv interne tilskot) består av:

- Lønn og sosiale utgifter
- Kjøp av varer og tenester som inngår i produksjonen
- Kjøp av varer og tenester som erstattar eigenproduksjon
- Andre utgifter som tilskot og overføringer
- Avskrivningar

Driftsutgiftene kom på 434,5 mill. i 2022 (inkludert avskrivningar), mot 401,1 mill. i 2021.

Lønn og sosiale utgifter utgjorde 263 mill. for 2022, mot 243 i 2021. Kjøp av varer og tenester som går inn i tenesteproduksjon summerte seg til 133 mill., mot 120 mill. i 2021. Andre overføringer 22,7 mill., mot 22,2 mill. i 2021.

Driftsutgifter	Rekneskap 2022	Reg. budsjett 2022	Oppr.budsjett 2022	Rekneskap 2021	Diff 2021-2022	Diff 2021-2022 %
10 Lønnsutgifter	211 349 034	200 518 365	197 818 365	195 358 803	15 990 231	8,2 %
11 Sosiale utgifter	51 841 408	52 791 400	49 133 856	48 072 051	3 769 357	7,8 %
12 Kjøp av varer og tenester	133 624 607	121 802 974	103 115 278	120 313 122	13 311 485	11,1 %
13 Overføringer og tilskudd til andre	22 736 944	20 418 314	26 679 539	22 271 603	465 341	2,1 %
14 Avskrivningar	14 982 381	14 970 332	14 970 332	15 091 338	-108 957	-0,7 %
15 Sum driftsutgifter	434 534 374	410 501 385	391 717 370	401 106 917	33 427 457	8,3 %

3.4 Finanstransaksjonar

Snittrenter for Etne kommune er pr 31/12/2022 på 2,67%.

Finansinntektene består av renteinntekter, utbyte, finansielle gevinstar samt mottekne avdrag på utlån. Dei utgjorde til saman 1,2 mill. i 2022 mot 5,3 mill. kroner i 2021.

Finansutgiftene består av renter og avdrag. I det kommunale rekneskapssystemet vert avdraga ført som utgifter i driftsregnskapet, ikkje avskrivingar som såleis ikkje har resultateffekt. Renteutgiftene i 2022 var på 5,8 mill. mot 6 mill. i 2021. Avdragsutgiftene 9,9 mill. i 2022, mot 9,2 mill. i 2021.

Finansinntekter	Rekneskap 2022	Reg. budsjett 2022	Oppr.budsjett 2022	Rekneskap 2021	Diff 2021-2022	Diff 2021-2022 %
17 Renteinntekter	1 892 824	890 000	890 000	1 104 633	788 191	71,4 %
18 Utbytter	500 190	0	0	221 595	278 596	125,7 %
19 Gevinster og tap på finansielle omløpsmidl	-1 173 883	3 240 000	3 240 000	3 980 315	-5 154 198	-
20 Renteutgifter	5 850 437	5 937 448	2 537 448	6 027 750	-177 313	-2,9 %
21 Avdrag på lån	9 964 642	11 302 000	10 002 000	9 267 712	696 930	7,5 %
22 Netto finansutgifter	-14 595 947	-13 109 448	-8 409 448	-9 988 919	-4 607 028	46,1 %
23 Motpost avskrivinger	14 982 381	14 872 043	14 872 043	15 091 338	-108 957	-0,7 %
24 Netto driftsresultat	9 339 669	9 527 184	6 473 840	9 206 110	133 559	

3.6 Kommentar til budsjettavvik

Drift:

Rekneskapsskjema - Driftsrekneskap				
Sektor	2022			2021
	Regnskap	Regulert budsjett	Avvik	Regnskap
Administrasjon	39 724 558	36 083 444	3 641 114	40 077 104
Oppvekst og kultur	127 795 423	121 716 066	6 079 357	122 894 229
Helse og omsorg	146 551 741	130 806 417	15 745 324	138 230 308
Utvikling og drift	38 473 819	35 052 601	3 421 218	26 573 820
Finans	-38 489 039	-20 363 493	-18 125 546	-24 500 094
Sum bevilgninger drift, netto	314 056 502	303 295 035	10 761 467	303 275 367

Kommentar:

Administrasjon: Avviket skuldast for det meste reguleringspremie som er utgiftsført og ikkje er budsjettetert ute i sektorane. Noko underbudsjettering på lønnsmidlar og lærlingtilskotet var lågare enn budsjettetert.

Oppvekst og kultur: Noko av avviket skuldast reguleringspremie og underbudsjettering av lønnsmidlar til Enge Skule. Deler er corona relatert. Høgare kostnader til barnevern har også skapt avvik (1,8 mill).

Helse og omsorg: Mykje skuldast økte kostnader pga corona i denne sektoren samt reguleringspremie. Det var også eit avvik på refusjon knytt til ressurskrevjande brukarar. Økte kostnader til NAV pga økt sosialhjelp forklarar også noko av avviket.

Utvikling og drift: Avviket skuldast høgare kostnader knytt til straum, brøyting og vedlikehald. Noko ekstra reinhaldskostnader knytt til corona og avvik pga reguleringspremie.

Finans: Noko skuldast ekstra inntekter knytt til kraft. Her er også pensjonsmidlane rekneskapsført, og skapar stort avvik.

Investering:

Rekneskapsskjema - Investeringsrekneskap				
Sektor	2022			2021
	Regnskap	Regulert budsjett	Avvik	Regnskap
Finans	12 871 558	9 297 865	3 573 693	34 826 557
VA	1 763 295	6 800 000	-5 036 705	31 604
Bygg	6 005 428	7 605 000	-1 599 572	5 318 774
Hamn	513 844	800 000	-286 156	8 448 194
IKT	2 151 445	1 500 000	651 445	1 991 622
Eigedom og næring	3 306 748	3 080 000	226 748	139 015
Veg, park og grønt	18 959 255	21 755 000	-2 795 745	5 068 567
Etne brann og redning	1 303 126	1 450 000	-146 874	0
Finansiering	-46 874 699	-52 287 865	-5 413 166	-55 824 330
Kommentar:				
Finans: Avviket skuldast lågare utlån til andre (startlån) enn budsjettert.				
VA: Undersøkjingar, ref. nytt vassverk, tek tid. Også elles noko seinare framdrift enn planlagt.				
Bygg: Prosjektleiing budsjettert her er rekneskapsmessig fordelt på aktuelle prosjekt. Noko meirbruk ombygging helsesenter.				
Hamn: Gjeld Tysse kai, der framdrifta heng saman med båthamna.				
IKT: Noko over ramme, skuldast investeringar i programvare og anna IKT utstyr.				
Eigedom og næring: Utgifter i tråd med ramme.				
Veg, park og grønt: Noko utsett framdrift nytt dekke kunstgrasbanen i Etne, elles nokolunde som budsjettert.				
Etne brann og redning: Utgifter i tråd med ramme.				

4. Administrasjon

4.1 Lønn og Personal

Lønn og personal

Einingar har 4 tilsette (3,6 årsverk) og har ansvar for lønnsutbetalingar (for eigne tilsette og tilsette i kyrkja), rådgjeving innan personalområdet, lov- og avtaleverk, rapporteringar til andre offentlege etatar (t.d. pensjon, AA-register, forskotstrekk, arb.gj.avgift, fråvære) avstemming mot rekneskap, refusjonar, tilsetjingar, utarbeiding av ulike retningslinjer og reglement, deltaking i endringsprosessar (nedbemanning, organisatoriske endringar), vernearbeid, lokale lønnsforhandlingar, AMU og IA, pensjon, medarbeidarundersøkingar, kvalitetssystem og avvikssystem.

Fra 15.08.22 blei stab/støtte-einingane omorganisert og lønn blei plassert under økonomi. Post/arkiv blei slått saman med personal og den nye eininga fekk namnet Kvalitet og personal. Eininga har 7 tilsette og har ansvar for digitalisering, post/arkiv, rådgjeving innan personalområdet, lov- og avtaleverk, tilsetjingar, utarbeiding av ulike retningslinjer og reglement, deltaking i endringsprosessar (nedbemanning, organisatoriske endringar), vernearbeid, lokale lønnsforhandlingar, AMU og IA, pensjon, medarbeidarundersøkingar, kvalitetssystem og avvikssystem.

Lærlingar

I 2020 blei det utarbeida ein lærlingstrategi der Etne kommune ønskjer å auke talet på lærlingar og å kunne tilby læreplassar i fleire fag; Bygghandlarfaget, kontor- og administrasjon og institusjonskokk i tillegg til helsefag, barne- og ungdomsarbeidar og IKT.

Hausten 2022 hadde Etne kommune totalt 10 lærlingar, 3 i barne- og ungdomsarbeid, 4 i helsefag, 2 IKT-lærlingar og 1 lærling i bygghandlarfaget.

4.2 Økonomi og stab

Eininga har 10 tilsette (9,1 årsverk) og har ansvar for rekneskapsføring, budsjett, innkjøp, finansforvaltning, rapportering til kommunestyret og leiargruppa, lønnsutbetalingar, politisk sekretariat, val, telefonsentral, kundebehandling/informasjon, heimeside/intranett/Facebook, skjenke og serveringsløyve m.m.

Frå 15.08.22 blei service/fellestenester og lønn plassert under økonomi etter ei omorganisering.

I 2022 har me fokusert vidare på rutinar og digitalisering av prosessar. Me har tatt i bruk fleire nye løysningar i Visma Enterprise for å utnytte systema fullt ut. Me har også tatt i bruk eit nytt system for å ha betre kontroll med alle avtalane til kommunen. Vidare har me hatt fokus på å utvikle dei digitale løysningane for å nå ut til innbyggjarane på ein god måte.

Implementering av nye rutinar og prosedyrar har vore ein krevjande prosess men bidrar til at kommunalsjefar, einingsleiarar og avdelingsleiarar har betre føresetnader i framtidige budsjettprosessar.

Økonomiavdelinga har også utarbeide eit nytt økonomireglement som vil bli presentert i 2023.

4.3 IKT

Etne kommune har sidan 2015 vore vertskommune for felles IKT-eining for Etne og Vindafjord kommunar. Eininga har ansvar for drift og utvikling av Etne og Vindafjord kommune sine IKT system, og har i 2022 hatt ansvar for digitalisering. Har bestått av 7 tilsette og 1 lærling. Frå 1/1-23 er ansvar for digitalisering flytta til Kvalitet og personal avdeling.

Arbeidet med å fullføre felles nettverk og serverløysing for Etne og Vindafjord har pågått dei siste åra, og i 2022 er første år med full drift her. Løysinga har vist seg stabil, fleksibel og veldig bra og gir oss heilt andre moglegheiter og fleksibilitet enn me hadde tidlegare.

Digitaliseringsarbeidet har foreløpig i stor grad vært prega av å skaffe oversikt og kartlegge programvare, avtaler og prosesser. Denne kartlegging er ein føresetnad for å komme vidare i digitaliseringsarbeidet som vil bli svært sentralt i åra som kjem. Ein har også påbegynt vegkart og ein enkel digitaliseringsstrategi.

Kommunen hadde tidlegare eit stort etterslep på gammalt PC utstyr, dette har me fått gjort noko med dei siste 2 åra, slik at nå skal tilnærma alle PCer vært oppdaterte og være mindre enn 5 år. Framover vil me fortsette med denne utbygtinga for å holde PCer og anna utstyr oppdatert.

4.4 Politisk organisering

Overordna mål frå kommuneplanen:

«Etne kommune skal vera ein god og attraktiv arbeidsgjevar, der ein gjennom sams haldningar arbeider til beste for heile kommunen.

Politisk styring

I Etne kommune sit det 17 representantar i kommunestyret. Representantane utgjer respektive Formannskap med 7 medlem, Driftsutvalet og Forvaltningsutvalet med 5 medlem i kvar. Den politiske organiseringa har vidare fleire råd og utval som Kontrollutval, Eldreråd, Råd for menneske med nedsett funksjonsevne og Ungdomsråd.

Varaordfører Kenneth Lyng Karlsen (Frp) hadde permisjon frå sine politiske verv i tidsrommet 06.09.2022 til og med 31.12.2022. Trude Enge (Frp) fungerte som varaordfører og var medlem i formannskap i perioden.

Kommunestyre

Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim (Sp) Ordfører
Kari Aakra (Sp)
Reidar Berge (Sp)
Ståle Tungesvik (Sp)
Liv Kaldheim (Sp)
Anita Larsen (Sp)
Andreas Aune (Sp)
Kenneth Lyng Karlsen (Frp) Varaordfører
Trude Enge (Frp)
Renate Sævareid (Frp)
Johannes Kringebotten (Frp)
Siri Klokkestuen (Ap)
Tollef Rullestad (Ap)
Knut Erik Ebne (Krf)
Kari Johansson (Krf)
Lars Olav Bergsvåg (H)
Kristin Golf (V)

Kontrollutvalet

Tollef Rullestad, (Ap) Leiar

Formannskap

Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim (Sp)
Kari Aakra (Sp)
Kenneth Lyng Karlsen (Frp)
Siri Klokkestuen (Ap)
Lars Olav Bergsvåg (H)
Knut Erik Ebne (Krf)
Kristin Golf (V)

Forvaltningsutvalet

Andreas Aune (Sp) Leiar
Anita Larsen (Sp)
Trude Enge (Frp)
Johannes Kringebotten (Frp)
Kari Johansson (Krf) Nestleiar

Driftsutvalet

Renate Sævareid (Frp) Leiar
Ståle Tungesvik (Sp) Nestleiar
Tor Kleppa (Ap)
Liv Kaldheim (Sp)

Ragni Sunniva Fett (V) Nestleiar
Kjetil Winterthun (Frp)
Nina Vierdal Vee (Sp)
Øyvind Kaldheim (Krf)

Reidar Berge (Sp)

Saker

	2021	2022
Kommunestyre	74	84
Formannskap	56	60
Driftsutval	22	16
Forvaltningsutval	91	80



4.2 Budsjettaksjonar

MÅL	Måltall	Kommuneplan	Status	Kommentar
Administrasjon				
Det er generelt lågt sjukefråvære i einingane, og intensjonen er å halda dette låge nivået.	<3%	8.6		
Mål for Lønn og Personal				
Me skal ha trygge, rause og engasjerte medarbeidarar med rett kompetanse i alle stillingar. Leiarane skal vera tydlege, inspirerande og motiverande ut frå felles verdigrunnlag og leiarfilosofi.		8.3		
Me skal vera del av ein lærande organisasjon, der arbeidsplassen er den viktigaste læringsarenaen og medarbeidarane har merksemd på kontinuerleg forbetring.		8.4		
Me skal vera ein kommune med eit inkluderande arbeidsliv som har fokus på førebygging og tilrettelegging for tilsette og med eit mål om sjukefråvær på 4% eller lågare. Kommunen skal stimulere til fysisk aktivitet for dei tilsette.		8.6		
Etne kommune skal arbeida aktivt for å leggja til rette for lærlingar.		8.7		
Målindikator				
Implementera og ta i bruk digitale personalmeldingar og timeregistrering i heile organisasjonen	1,00		60 %	
Medarbeidarundersøking i 2022 - svar %	>80%		100 %	Medarbeidarundersøkinga gjennomført, måltal med meir enn 80% svar blei ikkje nådd - resultat 65,2%
Medarbeidarsamtalar i heile organisasjonen	80%		70 %	Verifisering i november
Overordna rekruttering- og kompetanseplan	Innan 31.12.22		10 %	Blir overført til 2023
Sjukefråvære for Etne kommune	4%		75 %	Sjukefråvær pr sept ca 8%
Oppfølging av sjukmeldte i tråd med vedtatt rutine	100 %		75 %	
Vernerundar i alle sektorar	2 pr sektor	Kvar sektor må ha eigne mål	70 %	
Lærlingstrategi	Jf. måltal i strategien		70 %	
Mål for Økonomi				
Me skal ha økonomisk handlingsrom og ei berekraftig økonomistyring		9.1		
Me skal redusera etterslep på vedlikehald. Me skal til ei kvar tid ha ei oppdatert oversikt over behov for vedlikehald på kommunal eigedom.		9.2		
Enøk og inneklime er satsingsområde. Kommunen skal redusera straumforbruket med 10% innan 5 år.		9.3		
Målindikator				
Auke i e-handel	12% innan 2024		40 %	
Iverksetting straumforbruk strategi	01.des.22	9.3	60 %	Klimaplan
Utgåande faktura - restanse	<5%		80 %	
Andel faktura godkjent innan forfall	90 %		90 %	
Tilstrekkeleg likviditet	>1		99 %	
Auke EHF i kommunen	>95%		100 %	

70

Mål for EVIKT				
EVIKT skal ha høge ambisjonar for eit stabilt og oppdatert driftsmiljø og skal vera ein pådrivar for digitalisering i kommunen				
Me skal ikkje ha utdatert og gamle PC'ar, serverar og nettbrett		8.4 og 8.3 gjeld alle		
Me skal ikkje ha PC'ar og serverar med usupportert Windows				
Responstid på hjelp/brukarstøtte skal vera innanfor SLA				
Målindeikator				
Del utstyr som er eldre enn oppgitt max alder	<1%		100 %	
Andelen usupportert Windows	<1%		100 %	
Del brot på SLA, respons i år	<6%		50 %	Nytt helpdesk system gir ikkje ut tilsvarende statistikk så me har ikkje noko tall for 2022, ønsker derfor å ta i bruk anna måltall
Mål for Service og fellestenster				
Folkevalde og medarbeidarar samarbeider for at kommunen når sine mål og gir eit godt omdømme.		8.1		
Me skal vera del av ein lærande organisasjon, der arbeidsplassen er den viktigaste læringsarenaen og medarbeidarane har merksemd på kontinuerleg forbetring.		8.5		
God sørvis skal ytast både mot innbyggjarar, næringsliv og andre medarbeidarar.		8.4		
Målindeikator				
Vidareutvikla heimeside og intranettside	31.des.22		40 %	
Gjennomgang av politisk reglement	31.06.23		80 %	



5. Oppvekst og kultur

Overordna mål frå kommuneplanen:

«Barn er framtida og vår viktigaste investering. Me gjer barn og unge budde på livet ved å sikra kunnskap og god helse. Oppvekstvilkåra skal vera prega av trivsel, tryggleik, ambisjonar, aktivitet og å skapa gode barndomsminne.»

Me har i 2022 laga fleire planar og rutinar som er gjeldande for både barnehage og skule. Nokre av planane og rutinane er gjeldande for berre barnehagane våre eller berre for skulane våre, men fleire er altså også gjeldande for «oppvekst». Alle einingane er godt kjent med planane og rutinane for vårt arbeid med «Trygt og godt» der me har ein kommunal plan og lokale tilpassa planar. Det er laga ein plan for handtering av utfordrande åtferd i barnehage og skule der me har jobba fram måtar å både førebyggja og handtera. Me har hatt ei evaluering av plan for overgang barnehage og skule, og har laga ei ny utgåve av denne. Det er laga eit mandat for å få ein ny lese- og skriveplan for skulane. Dette blir det jobba med våren 2023. I tillegg har det blitt laga eit forslag til eit nytt ordensreglement som er ute til «høyring» i skulane. Dette vil bli gjort ferdig våren 2023.

«Alle timar tel» er ei rutine som snart er godt innarbeidd i skulane. Dette handlar om fråvære, der me veit at me må jobba i forkant, sjå dei små signala slik at me lettare kan snu situasjonar. Me ynskjer at alle er på skulen kvar dag. Denne rutinen er eit viktig verktøy i det førebyggjande.

Barnehagane og skulane har jobba godt med trygt og godt miljø for barn og unge. Me har jobba fram våre planar, rutinar og har ein betre praksis på dette arbeidet.

Kvalitetsplanen for oppvekst er gjeldande. Kvalitetsplanen viser kva prioriteringar kommunen har gjort, og vil vera førande fram mot året 2025. Planen skal vera eit verktøy for einingsleiarar og leiargrupper i avdelingane oppvekst og kultur, og fungera som eit grunnlagsdokument med gitte utviklingsområde når ein lagar handlingsplanar i sine einingar. Planen skal evaluerast årleg i samband med årsmeldinga. Dette er eit ansvar som ligg på einingsleiarane i samarbeid med kommunen, barnehage- og skuleeigar. Kvalitetsplanen viser oppvekst sine tre satsingsområde; Folkehelse og livsmeistring, utviklande læringsfellesskap og digital kompetanse. Det er også fire prinsipp som skal vera med å prega praksisen; tilpassa opplæring, relasjonar, lærande profesjonsfellesskap og djupnekunnskap. Innramminga for satsingsområda og prinsippa for praksis er visjonen; **steg for steg** og ambisjonen; **heim og eining**.

Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkludering

Etne kommune har søkt om midlar og gått inn i eit samarbeid med Vindafjord med mål om kompetanseheving og ei større forståing for korleis kommunane skal arbeida i tida som kjem. På bakgrunn av midlar tilført Kompetanseløftet for Vindafjord og Etne kommunar i 2022, har kommunane gjennomført ei prekartlegging og analyse av eksisterande og framskrivne behov i kommunane med mål å byggja eit betre lag rundt barn og unge. Dette inneber primært å vidareutvikla kompetanse på det spesialpedagogiske og det allmennpedagogiske feltet inn mot leiarar og tilsette i barnehage, skular og PPT. Funn frå kartlegginga syner behov for tiltak på fylgjande område; Utvikling av profesjonsfellesskapet på leiarnivå, der kompetanse på implementering er del av tiltak. Auka samhandlingskompetanse for alle tilsette der systemutvikling innan kvar eining er del av tiltak. Kompetanse for høg kvalitet på inkluderande pedagogisk praksis, der kunnskap om vaksenrolla, spesialpedagogiske behov og tilrettelegging er del av tiltaka. Rettleiingskompetanse til PPT for kompetanse og organisasjonsutvikling. Skule- og barnehageeigar vil saman med PPT og andre naturlege samhandlingspartar halda fram med kartlegging og analysar for å finna, planleggja og gjennomføra relevante tiltak som byggjer eit betre lag rundt barn og unge.

Analyse og kartlegging blir viktig som ein del av initieringsfasen av ordninga. Me vil skape ei forståing av korleis me kan nå målet om å skapa ein meir inkluderande kvardag for alle born og elevar.

5 dagar skule og utvida SFO-ordning

Det blei gjort eit vedtak om fem dagar skuleveke for Etneskulane med oppstart august 2022. Skulane melder tilbake at det har vore eit godt halvår, og dei melder inn at det har vore positive tilbakemeldingar frå føresette.

Det blei bestemt at SFO skulle ha andre ordningar enn før. Nå blei det også eit tilbod i feriar om ein valte å ha SFO 11 månadar i året. Det er fleire ordningar å velje mellom. Hausten 2022 kom gratis kjernetid til alle elevar på 1. trinn. Her ser me at dei fleste nyttar seg av ordninga. Hausten 2023 vil det bli eit tilbod om gratis kjernetid også for elevar på 2. trinn. Dette betyr at dei fleste på dei trinna vil gå på SFO. Me har fleire som i tillegg til tilbod om billegare SFO har moderasjon på tvers av barnehage og skule.

Våren 2023 vil det vera ei kort undersøking for alle om 5 dagar skule og SFO. Denne vil bli presentert i kommunestyret.

Læring/leiing i barnehage og skule (LBS)

Desse møta er laga slik at me legg vekt på leiarutvikling og læring av og med kvarandre. Det handlar om å lyfta seg opp for å reflektera saman over felles utfordringar, felles prosjekt, eigen eining og kva ein kan gjera som leiar, eins eige bidrag. Året 2022 var tema:

- Vekst
- Den vanskelege samtalen
- Neste barnehage-/skuleår
- Trapp og grenser
- Øving og toleranse
- Trappemodell og pedagogisk analyse
-

Målet er å få eit større samarbeid rundt barn og unge i Etne. Leiarane i barnehage og skule, kulturskulen, PPT, skulehelsetenesta, rådgjevar for skule og hovudtillitsvalgt er med i møta der kommunen med kommunalsjef er leiar i møta. Fokuset er å rigga laget, lyfta og utfordra kvarandre som leiarar og landa ei felles forståing med eit mål om det beste for barn og unge i Etne. Me ser at det er eit behov for å samkøyra oss i større grad. Innhaldet i desse øktene er laga med tanke på å få fleire verkty til å utvikla system i eigen eining. Me lærer av kvarandre, og det blir lagt opp til praktiske økter.

Bli Z

Etne kommune frontar Bli Z som ei satsing. Denne satsinga blei starta på slutten av 2016, og er eit arbeidsverktøy for tverrfagleg samhandling i Etne kommune. Ti kommunar i Sunnhordland og på Haugalandet er med i dette arbeidet.

Det var i 2020 også ei vidareføring av Bli Z – betre tverrfagleg innsats (BTI) i skule og barnehage.

I starten av 2020 blei det bestemt at Stafettloggen skal brukast som samhandlingsverktøy mellom heim og eining. Dette er eit verkty som kan vera med på å betra samhandlinga med føresette og andre instansar. Dette verktøyet er i bruk i alle einingane våre. Ambisjonen for oppvekst er «heim og eining» noko som samsvarar med satsinga til kommunen. Det er faste samarbeidsmøte i Bli Z – gruppene og eit stort fokus på å få til eit betre tverrfagleg samarbeid.

Det er bestemt at Bli Z skal vera arbeidsmetoden me skal bruka i handtering av oppvekstreforma. Det vil bli ei evaluering av Bli Z i arbeidet med oppvekstreforma i 2023.

Mot

Etne har sidan 2007 vore eit lokalsamfunn med MOT, og ein har nytta MOT i skulane like lenge. Det blei i 2019 skrivne nye avtalar med MOT. Nå har Etne kommune gått frå vera lokalsamfunn med MOT til å bli kommunen som samfunnsbyggjar. I tillegg skal ein utvida slik at det nå vil gjelde heile grunnskulen, ikkje berre ungdomsskulen som før. Skulen som samfunnsbyggjar forsterkar skulen si rolle som samfunnsbyggjar. MOT har tre verdiar; MOT til å leva, MOT til å bry seg og MOT til å seia nei. Dette er verdiar som kommunen legg vekt på at alle einingane tar med seg i arbeidet med barn og unge.

MOT er godt forankra på begge skulane og me har fire MOT coach-ar (lærarar) som jobbar med å byggja robust ungdom i Etne kommune, to på Skånevik skule og to på Enge skule.

5.1 Barnehage

I 2022 var det ein gledeleg auke fødselstalet etter nokre år med lågt fødselstal. I 2022 vart det fødd 59 born mot 34 i 2021 og 33 i 2020. Det er lågt fødselstal i Etne kommune for andre året på rad. I 2020 blei det fødd 33 born medan det i 2021 blei fødd 34 born.

Barnetalsutvikling

Eit gjennomsnittleg barnekull har vore på om lag 50 born. Dei to siste åra har barnekulla lege under dette, og svært lågt i 2020. Dette vil etter kvart slå ut på elevtala i skulen.

Barnetal	2022	2021	2020	2019	2018	2017
Kommune	59	38	35	47	50	46
Barnehage	6	30	34	45	51 (49)	46
Del born i bhg	10%	79%	97%	96%	98%	100%

I 2022 var det 24 nye søknader ved hovudopptaket.

Pr 01.03.2023 er det 45 nye søknader. Det var plass til alle og alle fekk innvilga det første alternativet dei søkte om.

Skånevik barnehage

For barnehage 2022/2023 er det blitt ei omorganisering i frå at det har vore tre avdelingar (to store og ein liten) til to avdelingar, ein stor og ein liten. Fordelen med denne organiseringa er at borna på stor avdeling har fleire leikekameratar å velje mellom. Borna lærer seg å leika med born på tvers av alder, noko som er naudsynt med tanke på når dei starta på skulen, der ein må ha klassar saman. I tillegg er det ikkje så sårbart når til dømes ein av personale er sjuk. Borna kjenne personale godt, noko som er viktig i høve til tryggleiken for borna.

Barnehagen har endra dagsrytmen, borna får nå frukost etter kvart som dei kjem om morgonen (07.00 – 08.30) dette har medført ein større ro rundt frukosten, og at borna er svoltne igjen når det er lunsj. Det var ikkje bra for borna å gå heilt til klokka 08.30 før dei får mat.

Barnehagen har laga ny årsplan som fungerer i større grad som eit arbeidsverktøy for oss. Årsplanen er inndelt i prosjektperiodar med tydelege mål og progresjon for dei ulike periodane. Det er og lettare å evaluera planen slik den er nå, som gjer at det vil vera lettare å utarbeida ny plan ved nytt bhg år.

Etter evaluering av endringa både i høve til organisering og årsplan blant personale og foreldre, er tilbakemeldingane positive. Så barnehagen ønskje å fortsetta med denne organiseringa for neste bhg år. Me har alltid språk som fokusområde, men har i år også tatt med tal, rom og form og nærmiljø.

Førskulegruppa har bading. Barnehagen fekk støtte frå svømmeopplæringa til å kjøpe våtdrakter slik at dei kan bade ute, gjennom heile året. Her har det vore eit opphald dei kaldaste månadane.

Spesialpedagogane har vert på kurs i regi av Stine Sofia stiftinga, noko som skal bidra til at personale i barnehagane får meir kompetanse på førebyggjande arbeid i høve til overgrep.

Foreldreundersøkinga for 2022 viser at foreldra er veldig godt nøgde med barnehagen. Særs høgt skårar me på relasjon mellom barn og tilsette, borna sin trivsel og borna si utvikling. Desse områda er også dei me ser på som dei viktigaste.

Gjennomsnitt er sjukefråværet i Skånøvik barnehage lågt. Me har fått til eit godt samarbeid mellom tillitsvalte, verneombod og leiing. Me har eit stabilt personale som er flinke og engasjerte i jobben sin.

Enge barnehage

Felles tema for heile barnehagen er språk. Me ynskjer å styrka dette arbeidet sidan god språkkompetanse er viktig for borna på fleire område. Ikkje minst påverkar språket det sosiale livet til borna, det er lettare å delta i leik med eit funksjonelt språk. Me nyttar også teikn og bilete som støtte til det verbale språket, noko som er særs viktig blant dei yngste borna, to-språklege og barn som har utfordringar med å gjere seg forstått.

I løpet av det siste året har me fått til betre samarbeid på tvers av avdelingane. Dette var eit arbeid me starta på før korona og vart tatt opp igjen i 2022.

Foreldreundersøkinga for 2022 viser at foreldra er veldig godt nøgde med barnehagen. Særs høgt skårar me på relasjon mellom barn og tilsette, borna sin trivsel og borna si utvikling. Desse områda er også dei me ser på som dei viktigaste. Me skårar lågast på inne- og utemiljø og medverknad. Det er difor gledeleg at me i løpet av 2023 skal fornye kjøkken på 5 avdelingar, male barnehagen utvendig og me har fått betre belysning. Vidare at oppgradering av uteplassen ligg i økonomiplanen. Medverknad vil me ha fokus på framover og få ei felles forståing for kva det betyr.

Etter høgt sjukefråvær over tid, starta me eit samarbeid med NAV arbeidslivsenter. LTV-gruppa er arbeidsgruppe, men heile personalet er involvert i arbeidet. Vert opplevd som svært positivt og me ser ein betring.

Me har flinke folk på jobb kvar dag. Dei er engasjerte og opptatt av å gjere ein god jobb. Me har nok pedagogar etter pedagognorma. Ein av dei held på med vidareutdanning for å bli godkjent som barnehagelærar.

Leiging, tillitsvalde og verneombod arbeider godt saman for eit godt arbeidsmiljø.

Spesialpedagogisk hjelp

Del born i barnehagealder som har hatt behov for spesialpedagogisk hjelp, har over tid lege på 3-4%. Pr. 31.12.2022 har 5,15% av borna i Etne kommune spesialpedagogisk hjelp. Det er ein auke frå 2021 då del born med spesialpedagogisk hjelp var 3,8%. I ein liten kommune som Etne, vil det kunna vera variasjonar år om anna. Det er også ein nasjonal tendens med auke i spesialpedagogiske tiltak både i barnehage og skule. Ordninga med spesialpedagogisk ressursgruppe fører til at born som treng ekstra hjelp, kan få det raskt og ofte utan vedtak om spesialpedagogisk hjelp. Det vil vera best for borna om flest mogeleg kan få den hjelpa og støtta dei treng innan det ordinære tilbodet i barnehagane. Me har over tid arbeidd for at det skal vera større samanheng mellom ekstra tiltak og det ordinære.

Barnehagemiljø

01.01.2020 vart det innført eit nytt kapittel i barnehagelova om psykososialt barnehagemiljø. Følgjande er nå lovpålagt:

- § 41 Nulltoleranse og førebyggjande arbeid
- § 42 Plikt til å sikra at barnehageborna har eit trygt og godt psykososialt barnehagemiljø
Dersom ein oppdagar eller får melding om at eit barn ikkje har det trygt og godt, har barnehagen aktivitetsplikt.
- § 43 Skjerpa aktivitetsplikt dersom ein som arbeider i barnehagen krenkjer eit barn.

Barnehagane i Etne kommune har over tid arbeidd godt for at borna skal ha eit trygt og godt barnehagemiljø. Me det er godt dette også vert lovfesta på same vis som det er for skulen. Etne kommune vil arbeida med å oppdatera rutinar etter lovendringa.

Barnehagane har dette barnehageåret arbeidd med kompetansepakkar frå Udir innan temaet. Dei skal i løpet av barnehageåret laga lokale rutinar bygd på kompetansepakkane.

5.2 Skule

Me jobbar for å samkøyra skulane og lagar rutinar, planar som gjeld for skulane. På Skånevik skule har leiaren vore sjukemeldt deler av 2022, og styrar for barnehagen har vore leiar i både barnehage og skule.

Spesialundervisning/tilpassa opplæring

Inkludering er overskrifta for arbeidet i skulane. Me har hatt ein tettare dialog med PPT for å bli betre til å bruka systema me har i dette arbeidet. Dei siste åra viser små variasjonar i talet på elevar som får spesialundervisning, og skulane i Etne ligg med 9,08% spesialundervisning pr 01.10.2022. Pr. 01.10.2021 var talet 9,18%. Målet om å koma ned mot 8% i 2022 er ikkje nådd. Kommunen og skulane arbeidet tett med PPT og målet er å få til ei betre tilpassing i det ordinære slik at fleire elevar får opplæringa si gjennom ordinær undervisning. Begge skulane har ein kontaktperson frå PPT som er inne på skulen faste dagar. Nokre elevar skal ha spesialundervisning, men det skulle ikkje vera nokon grunn til at Etne skal liggja over landssnittet over tid. Landssnittet har dei siste åra lege på 7,8%. Etne bør ha som mål å arbeida mot dette nivået.

Trygt og godt læringsmiljø

Skulane har jobba med resultata frå elevundersøkinga og tatt tak i det som kom fram der. Det er laga ein kommunal plan der skulane har laga sine lokale tilpassingar. Alle skal vera godt kjent med korleis me jobbar, planar og rutinar. Skulane har fokus på det førebyggjande og har dette som tema med jamne mellomrom for å sikra at ein tar alle i vare.

Resultat

Eksamen har vore avlyst i 2020-2022. I 2023 skal elevane ha både skriftleg og munnleg eksamen.

Indikator og nøkkeltal	15/16	16/17	17/18	18/19	19/20	20/21	21/22
Grunnskulepoeng, gjennomsnitt - Etne kommune	39,8	39,8	41,4	41,5	42,2	42,5	43,9
Grunnskulepoeng, gjennomsnitt - Kommunegr. 01/04	40,7	41,0	41,6			42,3	42,7
Grunnskulepoeng, gjennomsnitt - Hordaland/Vestland	41,5	41,7	42,2		43,1	43,4	43,5
Grunnskulepoeng, gjennomsnitt - Nasjonalt	41,1	41,4	41,7	41,9	43,1	43,2	43,2

Tala viser at Etne stort sett har lege litt under landssnittet, men har nærma seg dei siste åra.

Våren 2022 hadde elevane høgare snitt enn dei andre gruppene. Tala viser ei positiv utvikling over tid. Dei siste åra har det ikkje vore eksamen, men det har vist seg at i Etne er det stort samsvar mellom standpunkt- og eksamenskarakterar. Det er små variasjonar. 43,9 vil seia karakteren 4,39 (som i praksis er 4) i snitt. 42,5 (Etne i 2021) vil seia karakteren 4,25 (som i praksis også er 4) i snitt. Det er difor berre marginale variasjonar. Målet må likevel alltid vera at alle elevane skal oppnå sitt høgste potensiale.

SSB viser til at elevar med færre enn 30 grunnskulepoeng (karakteren 3 i snitt) i svært liten grad fullfører vidaregåande opplæring (VGO). Forsking peikar på at elevane bør ha over 35 grunnskulepoeng for å kunna



gjennomføra VGO. Det vil difor vera viktig at flest mogeleg elev har oppnår minst 35 grunnskulepoeng (karakteren 3,5 i snitt). Etne har som mål å liggja på eller over landssnittet.

Gjennomføring vidaregåande opplæring

År	2012-2014	2013-2015	2014-2016	2015-2017	2016-2018	2017-2019	2018-2020
Heile landet	73	73	74	75	77	77	78
Hordaland/Vestland	74	75	76	77	78	78	79
Etne	78	78	83	87	89	86	82

Tala viser at elevane frå Etne har betre gjennomføring enn både landet og Vestland. Det er ein viktig målestokk på at ein har lukkast med opplæringa. Likevel er det ein nedgang dei siste åra. Grunnlaget for resultatane vert lagt i barnehage og grunnskule, men det er det gode arbeidet som Ølen v.g.s og tidlegare Etne v.g.s. gjer som til slutt gjer dei gode resultatane. Det bør likevel vera eit mål at endå fleire elevar skal gjennomføra vidaregåande opplæring.

Ressursbruk

Udir - Undervisningspersonell						
Etne kommune, Grunnskule, Undervisningspersonell, Alle steg, Begge kjønn						
Indikator og nøkkeltal	2017-2018	2018-2019	2019-2020	2020-2021	2021-2022	2022-2023
Årsverk undervisningspersonale - Etne kommune (C26)	57,0	57,1	59,3	62,4	57,5	54,8
Årsverk til undervisning - Etne kommune (C7)	50,6	51,0	52,5	56,0	51,7	48,8
Tal elevar per årsverk til ordinær undervisning - Etne kommune (A15/C24)	14,4	14,3	13,4	12,3	13,0	13,1
Tal elevar per årsverk til undervisning - Nasjonalt	16,6	16,3	15,8	15,7	15,5	14,7
Tal assistentårsverk i undervisninga - Etne kommune	10,0	9,0	9,0	8,0	9,2	9,9
Tal elevar per assistentårsverk i undervisninga - Etne kommune	51,1	58,6	58,4	62,9	54,6	51,5
Tal elevar per assistentårsverk i undervisninga - Nasjonalt	67,4	64,6	63,5	59,6	57,5	55,4
Lærartimar som vert gjeve til undervisning - Etne kommune (B3)	35 907	36 235	37 220	39 603	36 768	34 904
Undervisningstimar totalt per elev - Etne kommune (B3/A15)	69	70	74	79	73	68
Undervisningstimar totalt per elev - Nasjonalt	60	60	62	62	63	63

Tabellen viser at det har vore ein reduksjon i tal årsverk til undervisning dei tre siste åra. Dette er tal som er henta i frå GSI.

Etne kommune har over tid nytta meir assistentressursar enn landssnittet. Dei siste tre åra har det vore ein auke i tal assistentårsverk.

Lærarnorm

Begge skulane ligg innanfor lærarnorma. Det har tidlegare vore brukt mest ressursar på ungdomssteget. Skuleåret 2022/2023 vert det brukt mest ressursar på småskulesteget. Det er i samsvar med målsetjinga om tidleg innsats og få ein så god start som mogeleg for dei yngste elevane.

Elevutvikling skule

Elevtalet i Etne har over tid lege på pluss/minus 500 elevar. Skuleåret 2022/2023 viser at me samla har 510 elevar i skulane. Neste skuleår, skuleåret 2023/2024 vil det bli ei auke opp til 520 elevar. Skuleåret 2023/2024 er det 46 born som startar på skulen i kommunen. Det blir altså ein auke i elevar før det igjen vil gå litt nedover. Som tala viser for barnehage, er det særleg i 2019, 2020 og 2021 at barnekulla er låge.

Tabellen under viser at det er ei auke av elevar som nyttar SFO. Tala under er i frå oktober. Gratis kjernetid er utvida til også å gjelda for kommande 2. trinn, og det er ei forventning om fleire ungar på SFO neste skuleår. Etne kommune vil arbeida med å utvikla SFO. Det har kome ein nasjonal rettleiar for SFO. Denne vil vera til hjelp for arbeidet med å utvikla SFO.

Komande skuleår vil det starta 46 nye elevar i Etne kommune. 38 elevar startar i 1. trinn på Enge skule. I Skånevik vil det starta 8 elevar. Dette er litt i underkant av eit normalkull i kommunen. Dei komande tre åra deretter vil elevtalet variera frå 50 elevar til 35 elevar.

Utvikling elevtal															
	Klassesteg												Sum	SFO	Lekse-
Skule	1.	2.	3.	4.	5.	6.	7.	Sum 1.-7.	8.	9.	10.	Sum 8.-10.	alle trinn		hjelp
Enge 22/23	50	43	25	39	48	59	38	302	40	36	29	105	407	77	59
Skånevik 22/23	4	6	16	9	16	12	10	73	13	9	8	30	103	18	12
Sum 22/23	54	49	41	48	64	71	48	375	53	45	37	135	510	95	71
Sum 21/22	50	42	49	64	74	48	55	382	44	37	45	126	508	80	170
Sum 20/21	38	49	59	72	48	53	45	364	36	45	50	131	495	84	0
Sum 19/20	48	58	74	45	53	45	36	359	44	52	51	147	506	96	2
Sum 18/19	61	77	45	53	47	38	44	365	54	51	47	152	517	103	1
Sum 17/18	77	43	54	46	38	41	53	352	51	47	73	171	523	114	3
Sum 16/17	43	56	50	40	42	54	50	335	47	73	49	169	504	103	20
Sum 15/16	56	51	39	42	51	51	46	336	72	47	58	177	513	104	19
Sum 14/15	48	39	43	52	51	47	73	353	47	55	56	158	511	109	16
Sum 13/14	39	40	51	51	45	73	46	345	56	55	61	172	517	107	55
Sum 12/13	39	49	48	44	73	44	56	353	54	62	38	154	507	109	57
Sum 11/12	48	46	44	68	46	56	53	361	61	39	54	154	515	101	68

5.3 Kultur

Hovudmålsetting i kommuneplanen:

Etne kommune skal halda på posisjonen som kulturkommunen i regionen. Kultur-, idretts- og fritidstilbod skal ver breitt og variert med ulike grader av samspel, kreativitet og sjølvdisiplin. Dette skal skje i samarbeid med frivillige lag og organisasjonar.

Kultureininga fekk i 2022 sluttført arbeidet med kulturmiljøplan, men arbeidet med dei andre planane har ikkje komme så langt som ein tenkt grunna ressursituasjon. Arbeidet med desse planane vil forsetja i 2023.

På personalsida har det vore to endringar i 2022. Våren 2022 blei stillinga som leiar for kulturskulen lyst ut, og ny leiar tok til i august. Leiar for kultur var fram til dette tilsett i 50% stilling som kulturskulerektor,

men sa frå seg denne stillinga. Endringa blei gjort for å styrkja arbeidet med kulturskulen. Det vart også tilsett ny leiar for biblioteket, og ho starta i jobben i august.

Kulturskulen

Kulturskulen hadde rundt 75 elevar ved inngangen til sommaren. Etter ein liten dypp rundt skulestart på hausten tok elevtalet seg opp til i overkant av 80 elevar ved enden av året. Kulturskulen tilbydde dei same faga som året før: Gitar, bass, piano, trommer, messing, fiolin, teater og teikning/maling. Etne kulturskule leiger framleis ut dirigentteneste til Etne skulekorps og Etne musikklag, og frå hausten av kom Skånevik skulekorps og inn.

På personalsida har det vore 2 endringar: Ein lærar i gitar, bass og trommer har gått over i fast stilling etter å ha vore i vikariat det siste året. I tillegg har det kome inn ny leiar, Torbjørn Tveita Reiso, som nå har eige kontor i kulturskulen sine lokale på Skakkesenteret.

Undervisninga har gjennom heile 2022 gått som normalt og i haustsemesteret har det vore eit betydeleg tal konsertar, blant anna på «Hjartebank» i regi av Sparebanken Vest, på julegrantenning og julemesse på Skakkesenteret.

Kulturskulen lanserte og eit nytt tilbod på hausten; band og samspel, der både dei med og utan instrumentbakgrunn kunne melda seg på og få undervisning i lag med andre. Dette har vore ein suksess og hadde ved årsskiftet ca. 20 elevar. Me har og hatt fleire lærarar inne i skule og SFO, og erfaringa der er at dette har vore populære tilbod, der fleire born har meldt seg inn i kulturskulen sine ordinære tilbod i etterkant.

Elevtal pr. 31.12 (elevar på venteliste i parentes)

2019/2020	2020/2021	2021/2022	2022/2023
81 (1)	77 (2)	75 (1)	85 (3)

Samla sett har det vore eit år med eit tydeleg løft for kulturskulen i tal elevar. Totalt sett lovar dette godt, men me ser og at det er vanskeleg å rekruttere elevar til alle faga våre. For tida er musikkfaga jamt over ganske populære, medan kunstoffag og teater ikkje har den same tilstrøyminga. Me håper å få vist fram breidda vår ennå meir i 2023 slik at me får med oss enno fleire born (og vaksne).

Fakta: Kulturskulen har undervisninga si i egne lokale på Skakkesenteret og på skulane Enge og Skånevik. Kulturskulen hadde frå hausten 6 lærarar med totalt 1,92 årsverk i undervisning, det er uforandra frå skuleåret 2021/2022. Kulturskuleleiarstillinga utgjer 0,5 årsverk.

Kyrkja

Dette året opna alt opp att etter pandemien, og me kunne igjen samlast til gudstenester og andre arrangement, utan å ta omsyn til restriksjonar. Det vert gitt årsmelding for Etne og Skånevik sokneråd. Vidare har me kyrkjeleg årsstatistikk. Desse gjer uttrykk for aktiviteten til kyrkja. Kyrkja sine aktivitetar er opne for alle.

Fellesrådet har hatt 7 møte, eit av dei via mail, og handsama 60 saker. Fellesrådet har 7 tilsette, som utgjer 3,9 årsverk. I tillegg er det 3 små stillingar, på timebasis, til saman utgjer det 0,3 årsverk. Det er også ein 40% stilling som sesongarbeidar frå mai-september. Det er eit godt arbeidsmiljø i kyrkja.

I Gjerde og Grindheim kyrkjer er arbeidet med utskifting av elektrisk anlegg og oppvarming ferdig. Stødle kyrkje starta arbeidet i januar 2023. I Gjerde kyrkje er det også montert brannvarslingsanlegg, med direktekopling til brannvesenet.

På Stødle kyrkje er det utbetra og skifta bordkledning på tårnet. Noko maling av kyrkja står att.

På Skånevik kyrkje er arbeidet med ny rullestolrampe i gong i samband med utviding av gravplassen.

Det er eit stort behov for utviding av gravplassane i kommunen.

I Skånevik er den nye gravplassen straks klar, overtaking vert etter planen tidleg i 2023. Her er det også namna minnelund for urner.

Det er lite plass att på dei andre kyrkjegardane i Etne, og noko må gjerast straks.

Vedlikehaldet av kyrkjegardane var så bra som det var mogeleg å få til med dei ressursane kyrkja hadde til dette føremålet i 2022.

Det er sendt ut krav om festeavgifter, og inntekt på desse i 2022 var kr. 296.500

I 2022 var det 38 gravferder i Etne og Skånevik sokn.

Driftsrekneskapen er ikkje ferdig avslutta. Det ser ut til å bli eit underskot på kr. 170.000. Store auka utgifter i 2022 har vore straumkostnadar og revisorkostnadar.

Utfordringane vert langt på veg dei same som dei har vore dei seinare år, men det er og kome nye til som ein vil arbeida vidare med framover:

- Utbetring av takrenner på Skånevik kyrkje
- Halda fram med vedlikehald av kyrkjer og kyrkjegardar.
- Halda kyrkjegardane fine til glede for besøkjande og sørgjande.
- Kontinuerleg arbeid me HMT

Biblioteket

Som det går fram av tala i statistikkskjema, var 2022 eit svært aktivt år på biblioteket.

Med om lag 23 000 fysiske besøk, mykje aktiv formidling og imponerende høge utlånstal blant born og unge. Meirope bibliotek, den nye spelekroken og verkstaden *Open Fritid* har etablert seg og manifestert seg som viktige faste tilbod som har vore mykje besøkt gjennom året. Det var også 90 % oppslutning på årets *Sommarleskampanje* for skuleborn, noko som plasserer Etne høgt oppe på landstoppen. Biblioteket har også i 2022 hatt tette og gode samarbeid med skulane, frivillige lag og organisasjonar i Etne. Fleire av årets arrangement vart avvikla i samarbeid med fylkesbiblioteket, andre bibliotek og kulturutøvarar i regionen.

Talet på utlån, besøk, tal på arrangement og aktiv formidling er framleis svært høgt i Etne pr. innbyggjar og i høve til personalressursar. Etne bibliotek ligg heilt i fylkestoppen. Ved utgangen av 2022 var også bestandtala til biblioteket svært høge, og deler av samlinga har negative omløpstal. Tala vitnar om at aktiv formidling og igangsetting av store prosjekt er prioritert over samlingspleie og utvikling av bokbestanden over fleire år. Dette i samanheng med få personalressursar og kutt i mediebudsjettet er sannsynlegvis orsaka til at utlånstala for vaksne ikkje er oppe på same nivå som før korona (10 314 i 2019).

Ved utgangen av 2022 vart ein del maskinutstyr oppdatert, og eit webbasert fagsystem vart tatt i bruk i skranken på hovudbiblioteket.

Hovudbiblioteket er lokalisert i Skakkesenteret, og Skånevik filial (kombinasjonsbibliotek) er lokalisert på Skånevik skule. Begge biblioteklokala er eigna til bibliotekbruk. Men både interiør og den estetiske

kvaliteten av «romma» understøttar ikkje samtidas krav til bibliotekdesign, biblioteket som performativt rom, sosial møteplass og «tredje sted». Noko biblioteket kjem til å ha fokus på i tida framover.

Biblioteket kjem også til å jobbe med ei gjennomgang av arbeidsprosessar, logistikk, boktransport, prioritere samlingspleie, organisasjons- og bibliotekutvikling, samt bibliotekplan i tida framover.

I august vart det tilsett ny bibliotekleiar, og det er tre tilsette på biblioteket i totalt 1,85 årsverk.

Utlån	2020	2021	2022
Utlån barn	11 842	13 715	16597
Utlån vaksne	8 443	8 270	8355
Digitale bøker og lydbøker	5 286	-	4675
Aktive lånarar	1 434	1528	1696
Besøk totalt	11 920	14 187	22 990

Arrangement	2020	2021	2022
For barn	68	75	78
Besøkjande	1 307	1881	2417
For vaksne	9	24	29
Besøkjande	191	288	268

Andre kulturføremål

Kultur jobbar innafor eit breitt oppgåvefelt, og har ansvar for blant anna kontakt mot frivillige lag og organisasjonar, rådgeving og saksbehandling for tilskotsordningar, kulturarv m.m.

Totalt vart det tildelt kr. 877 000 i kommunalt tilskot til frivillige lag og organisasjon og kulturinstitusjonar.

Kultur er også sakshandsamar for tildeling av midlar frå Fond Kraftkontrakten. For 2022 blei det tildelt total kr 206 000 fordelt på 9 tiltak i 8 organisasjonar.

Idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv

Idretten har relativt gode anlegg for både innandørs og utandørs aktivitet. Fotball- og friidrettsanlegga er kommunalt eigde, medan idrettshallane og andre idretts- og skyteanlegg i hovudsak eigde og drivne av lag og organisasjonar. Kommunestyret vedtok i 2022 å byggja nytt friidrettsanlegg i Etne. Det blei også sett ned ei arbeidsgruppe for å foreslå framtidig utvikling og utnytting av arealet rundt Skakke og stadion til idretts- og fritidsformål.

Gjennom prosjektet Nyskapande aktivitetsanlegg i regi av Vestland fylkeskommune fekk kommunen gratis fagleg kompetanse og arkitekt hjelp for å utvikla uteområdet for ungdomsskuleelevane på Skakke. Skisser til ein møteplass med lågterskeltilbod for fysisk aktivitet var ferdige hausten 2022, og ligg inne i investeringsbudsjettet for 2023.

Dagsturhytta på Leiteshaugen opna hausten 2021, og Etne Frivilligsentral utførte tilsyn som avtalt. Det blir fortalt om godt besøk, og det ønskeleg med større frivillig engasjement for å gjennomføra utbetnings- og utviklingstiltak på og ved hytta.

Det har i fleire år vore arbeidd med å gjera turstiar i kommunen meir tilgjengelege. Dette arbeidet er nå teke opp i det landsomfattande prosjektet Friluftslivets ferdselsårer som Etne har fått tilskot for å gjennomføra. Liten aktivitet i 2022 grunna manglande kapasitet.

Friluftsrådet Vest forvaltar åtte område i Etne kommune. Kommunen var med i Friluftsrådet sitt TellTur-opplegg i 2022.

Etne kommune og Etne Idrettsråd signerte formell samarbeidsavtale dette året.

Åtte idretts- og skyttarlag søkte kommunalt driftstilskot. Tilskotsmidlane blei utbetalte til Idrettsrådet som fordeler tilskotet til laga og arbeidet i rådet ut frå eigne retningslinjer.

Det blei godkjent og vidaresendt 6 spelemiddelsøknader, - 2 nye søknader og 4 fornya med totalt 5,61 millionar kroner til finansiering av ordinære idrettsanlegg og 340 000 kroner til friluftsanlegg. Ingen søknader til nærmiljøanlegg i 2022.

To private anlegg søkte og fekk utbetalt forskot på vel 4 millionar kroner i godkjende spelemidlar frå Etne kommune sitt forskotteringsfond.

Musikk, kunst og kunstformidling

Fem kor og korps søkte kommunalt driftstilskot for musikk, noko som er færre enn før korona. Tilskotsmidlane blei utbetalte til Musikkrådet som fordeler ut frå eigne retningslinjer.

Barne- og ungdomsarbeid

Fire barne- og ungdomsorganisasjonar søkte og fekk kommunalt driftstilskot, noko som er færre enn før korona.

Lokalhistorie

Arbeidet med Kommunedelplan for kulturmiljøplanen starta hausten 2020, og arbeidet var slutført i 2022. Planen vart vedtatt i kommunestyret 12. desember 2022.

I 2022 etablert kommunane i Sunnhordland eit samarbeidsprosjekt, der kultureininga har deltatt. Målet med prosjektet er å styrkja kommunane sin kompetanse på kulturmiljøfeltet, og styrkja den regionale bygningsvernkompetansen.

Kommunestyret vedtok i juni 2022 at det skulle setjast av kr. 500 000 til igangsetjing av fullføringa av Etne-soga. Bygdeboknemnda og kultureininga hadde i 2022 fleire møte om det vidare arbeidet med Etne-soga. Den 5. november vart det arrangert seminar, der bygdeboknemnda, kultureininga og personar frå dei ulike krinsane som er interessert i å bidra i arbeidet med Etne-soga deltok. Tema for møtet var erfaringar frå arbeidet med ålmennsoga i Ullensvang. Det var svært nyttig å høyra om erfaringane frå dette arbeidet, og få innblikk i korleis det blei jobba med innsamling av materiale.

Prosjektet "Digitalisering og formidling av negativarkivet etter Willum Ekrheim", som er eit samarbeid mellom fylkesarkivet i Vestland og Etne kommune, vart slutført i 2022. Heile negativarkivet er flytta til fylkesarkivet i Leikanger, og rundt 3300 negativar er digitaliserte. Medlemmer i Etne sogelag har vore del av prosjektet sidan starten, og dei jobbar med å finna og leggja inn informasjon om dei enkelte bileta. Dette er eit omfattande arbeid, og kjem til å forsetje framover. Så langt er det lagt inn informasjon om 211 bilete, som er tilgjengelege for publikum og dei kan søkjast opp her: [Fylkesarkivet - foto](#)

På Skakke er arkivlokale, der det er samla forskjellig materiale av lokal historisk verdi. På grunn av feil med reolane i arkivet, har det ikkje vore mogleg å få brukt arkivet som tenkt. I 2022 vart feilen retta opp, slik at arbeidet med å rydda og leggja til rette for at arkivet skal kunne brukast kan forsetje i 2023. Målet med arkivet å samla og ivareta lokal historie på ein plass, og at det også skal vera tilgjengeleg for publikum.

Kommunen har to museum: Bygdetunet Sæbøtunet i Etne blir forvalta av Sunnhordland Museum (regionalt ansvarsmuseum) som tilsette lokal formidlar her i 20% stilling i 2022. Norsk Motormuseum i Skånevik er eigd og drive av ei privat stifting. Koronastenging og høge straumprisar gav økonomiske utfordringar for musea. Begge musea fekk kommunalt driftstilskot, men summane var vesentleg mindre enn for nokre år tilbake.

Arrangement

UKM 2022 vart arrangert i samarbeid med Vindafjord, og den lokale mønstringa var i Ølen Kulturhus 19. februar. Frå Etne var det 18 unge som deltok med musikkinnslag og i utstillinga, og av disse var det 5 stykk som var på fylkesmønstringa som var arrangert på Voss og 1 som gjekk vidare til landsmønstringa i Steinkjer.

Ferietilbodet Kulturell feriedag fekk kr 100 000 i støtte frå Bufdir i 2021, og blei avvikla i vinterferien 2022. Kultureininga sine tilsette stod for arrangementet, i samarbeid med frivillige organisasjonar og profesjonelle aktørar, og i tett samarbeid med skulane og Nav for å fanga opp og prioritera sårbare barn/unge. Totalt 165 barn frå 1. - 7. klasse var påmelde til ein eller fleire ulike aktivitetar både i Etne og Skånevik, totalt 365 aktivitetsøkter. Det blei ikkje søkt BufDir om nye midlar til nye ferietilbod grunna manglande kapasitet i kultureininga og omlegging av tilskotsordninga.

Kulturnatt Etne blei arrangert i april, - seinare enn vanleg grunna koronarestriksjonane. Kulturnatt er ein frivillig organisasjon, men kultureininga var engasjert i komiteen, og biblioteket stod for fleire arrangement denne dagen.

2022 var «Frivillighetens år» og etter forslag frå og i samarbeid med Etne Frivilligsentral, blei det arrangert flott frivilligfest på Skakke i november. Kinosalen var nesten fullsett med eldsjeler frå kommunens ca. 75 frivillige lag og organisasjonar og Frivilligsentralen sine frivillige.

Kulturinstitusjonar

Kulturhus og -institusjonar i kommunen er i hovudsak privat eigde og drivne. Koronastenging og høge straumprisar gav økonomiske utfordringar for institusjonane. Kultureininga utbetalte driftstilskot til Etne kino, kulturhusdelen på Skakke, Skånevik kultur- og idrettshall og Gjestgjevargarden. Storleiken på tilskotet har vore lik i mange år.

Det blei godkjent og vidaresendt 1 spelemiddelsøknad til kulturbygg. Den fekk avslag, men kan eventuelt søkja på nytt i 2023.

Kultur- og frivilligprisen 2022

Prisen gjekk til Liv Tungesvik frå Skånevik for hennar svært lange og breie engasjement i frivillig arbeid i bygda gjennom eit langt liv.

Den kulturelle skulesekken (DKS) og Den kulturelle spaserstokken (DKSS)

Finansieringa var i 2022 eit spleiselag med spelemidlar frå Fylkeskommunen og kommunal eigenandel. DKS-ordninga skal gi elevlar møte med profesjonell kunst og kultur. Etne ligg geografisk langt frå dei store scenane, galleria og musea, og me ønskjer difor å satsa meir på lokale produksjonar. Aktiviteten var

framleis noko redusert etter pandemien. Det blei gjennomført 7 ulike aktivitetar fordelt på 14 arrangement. Dei fleste aktivitetane var for elevar på mellomtrinnet og ungdomsskulen, - totalt 608 elevar fekk oppleve kulturmøta. Det blei også gitt tilskot til Sunnhordland Museum for å utvikla DKS-opplegg på Sæbøtunet frå 2023. Tilbodet skal vera gratis for skuleelevar i kommunen.

DKSS-ordninga skal gi eldre kunst- og kulturformidling av høg kvalitet gjennom møte med profesjonelle aktørar. Kultureininga gjennomfører ikkje eigne arrangement, men gir tilskot etter søknad til tiltak som treff innafor retningslinene. Frivilligsentralen, åleine og i samarbeid med Pleie- og omsorgseininga, er det viktigaste samarbeidsparten. Aktiviteten var framleis noko redusert etter pandemien. 15 ulike arrangement fekk støtte, og totalt 1081 personar over 70 år tok del i opplevingane.

5.4 PPT

Hovudtrekk oppgåver og drift:

PP-tenesta for Etne og Vindafjord er sakkunnig organ knytt til opplæring heimla i barnehagelova kap VII §33 «Spesialpedagogisk hjelp» og opplæringslova kap 5 §5-6 «Spesialundervisning». PP-tenesta har oppgåvene knytt til 13 barnehagar, 11 skular og vaksenopplæring på grunnskuleområdet for elevar med spesialpedagogiske behov. I Vindafjord er tre barnehagar og tre skular organisert i oppvekstsenter. Tenesta skal hjelpe barnehagar og skular med kompetanseutvikling og organisasjonsutvikling for å leggja opplæringa betre til rette for barn/elevar med særlege behov. Som førsteprioritet skal tenesta syta for at det vert utarbeidd sakkunnige vurdering der lova krev det.

Det er 6,5 årsverk knytt til tenesta. 0,8 årsverk merkantil funksjon er knytt til Service- og fellestenesta. Dei tilsette har kontorstad på rådhuset i Vindafjord. Pr. 31.12.2022 hadde PP-tenesta 321 aktive personsaker knytt til Etne og Vindafjord kommune.

Økonomi:

Tenesta har eit samla mindreforbruk på ca 160 000 kr. Ikkje justert pensjon (i budsjettet) utgjør ca 180 000 kr. Rådgjeverane (6) har ikkje fått utbetalt lønstillegg for 2022; dette skal etterbetalast i 2023. Utgifter til kurs har vore låge. I liten grad er det nytta nytta vikar ved sjukefråvær.

Sjukefråvær

Samla sjukefråvær er på 4,55%, med måltal 3%. Langtidsfråværet er på 2,6 %, korttidsfråværet 1,95 %.

Utvikling:

Nøkkeltal nasjonalt	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Sakkunnig vurderingar barnehage	3,1%	3,2%	3,3%	3,4%	3,6%	
Sakkunnige vurderingar skule	7,85%	7,81%	7,81%	7,70%	7,80%	8,0%

Nøkkeltal Etne	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Antal personsaker Etne	101	106	92	83	94	99
Sakkunnige vurderingar barnehage	2,36%	4,05%	4,11%	3,94%	3,80%	5,5%
Sakkunnige vurderingar skule	9,6%	8,9%	10,28%	10,91%	9,18%	9,0%

For barnehage er tala i høve til barnetal i kommunen. Nøkkeltala skule er pr. 01.10.2022 og barnehage pr 15.12.2022.

Oppsummering og vurdering

PPT har levert 160 sakkunnige vurderingar i 2022 til Etne og Vindafjord. PP-tenesta nyttar i større grad tid til utgreiing av behov og rettleiing til barnehagar og skular, både i individ og systemsaker. Målet for både Etne og Vindafjord kommune er at utviklinga av tal sakkunnige vurderingar skal fylgja nasjonalt nivå. Gjennom høg kvalitet i det ordinære tilbodet, både i barnehage og skule, vil behovet for spesialpedagogiske tiltak verta redusert.

PP-tenesta er med i arbeidet for tidleg innsats og førebygging. Kvar barnehage og skule har ein PP-rådgjevar som fast kontaktperson og samarbeidspart. Det vert sett opp plan for samarbeidet og helsesjukepleiar er med i det systematiske samarbeidet to gonger pr. halvår. Tenesta har delteke i læringsmiljøprosjektet «Bry deg» saman med tre skular i Vindafjord kommune. ASK-nettverk (alternativ og supplerande kommunikasjon) på tvers av dei to kommunane er vidareført. PP-tenesta har dette året hatt auka etterspurnad for individbaserte tenester gjennom bestilling for utgreiingar og sakkunnige vurderingar. Sakkunnige vurderingar har etter lova første prioritet. Det ei utfordring å auka innsats for fleire barn/elevlar med vekt på inkludering, likeverd og tilpassa opplæring gjennom intensive og systematiske tiltak i det ordinære, på same tid som det vert tilvist mange individsaker og bestilt mange sakkunnige vurderingar.

Både Etne og Vindafjord er BTI-kommunar. Stafettloggen fylgjer tilvisingar til PP-tenesta.

Mandatet for PP-tenesta vert frå 01.08.25 utvida og vil omfatta alle barn og unge. Statped skal også overføra fleire av oppgåvene sine til kommune og PPT. Dette vil krevja høg spisskompetanse og utfordra tenesta dersom stillingsvolumet er på nivå som i dag.

PPT har delteke i forprosjektet saman med Etne og Vindafjord kommune, HVL og NLA Høgskulen i "Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis". Det vert søkt om hovudprosjektmidlar.

Det er ei utfordring at kommunen ikkje har stillingsheimel eller avtale for synspedagog og psykolog.

5.5 Barnevern

Utvalde resultat:

Etne Vindafjord barnevernsteneste har opplevd endringar i personalgruppa, inkludert heile leiargruppa, og eit auke i saksomfang. Det har gjort at det har vore eit krevjande år for tenesta, men resultata ein har levert både fagleg og økonomiske har vore stabile.

Halvårsrapporteringar syner til at tenesta driv innafor lovkrava.

Leiargruppa har jobba målretta med oppfølging både på gruppenivå og individuelt for å halde oppe gode nærværstal, og sjukefråværstala speglar dette på ein tydeleg og stadfestande måte.

Tenesta har fokus på å vera kreative i høve til hjelpetiltak i heimen for å betre barnet og familien sin situasjon, og å unngå brot/flytting. Dette er eit arbeid som er givande, men ressurskrevjande og ein må pårekna ein viss feilmargen i høve til om tiltaka har ønskt effekt. Ein kan tydeleg sjå i tala at det nå vert nytta betydeleg meir midlar til arbeid med tiltak i heimen enn utanfor, og at færre born vert flytta.

Utvalde nøkkeltal 31.12.22

Meldingar	196
Ferdigstilte undersøkingar	94
Barn med hjelpetiltak i heimen	79
Ungdom som mottar ettervern etter fylte 18 år	17
Barn under omsorg	17
Akutt plasserte med samtykke	1
Akutt plasserte utan samtykke	0
Totalt i tiltak	113

Viktige hendingar:

- Ny barnevernlov tredde i kraft 01.01.23. Enkelte lovendringar tredde i kraft i 2022, som til dømes at retten til ettervern vart utvida frå 23 til 25 år.
- Endringa i den økonomisk ansvarsfordelinga mellom stat og kommune tredde i kraft 01.01.22. Kommunane er nå meir eller mindre heilt ansvarlege for utgiftene sjølv.
- Tenesta er med i eit felles anbod om nytt fagsystem, saman med Haugesund, Karmøy, Tysvær og Sveio. Eit naudsynt arbeid, då nåverande program er utdatert og skal avviklast frå drift. Det vil kosta både tid og pengar å få eit nytt program operativt.
- Det blei lagt fram ein tilstandsrapport for kommunestyre oktober 2022 og ein ny våren 2023. Dette er ei god heilskapleg skildring av Etne Vindafjord barnevernteneste og leiar anbefaler at ein les den økonomiske årsmeldinga og tilstandsrapporten saman.

Kommentar til status økonomi:


- 2022 var eit krevjande år med utskifting i personell og ein auke i tilkomst av bekymringsmeldingar og saker. Samstundes har ein stadfesta at tenesta har ei sunn drift målt ut i frå dei viktigaste parameter, inkludert økonomi. Eininga når lovkrav og har forsvarleg drifta på fleire sentrale område innafor vedteken budsjetttramme.
- Den mest framtrekande utfordringa for andre halvdel av 2022 og i overgangen til 2023 er å sikra tilstrekkeleg bemanning og rekruttering av tilsette. Sjukefråværet er lågt og den eksisterande tilsettgruppa er stabil, men ein manglar folk i fleire stillingar. Dette er ei problemstilling som vil få verknad på fleire faktorar dersom ein ikkje lukkast å betre det, inkludert for økonomien.
- Endring i den økonomiske ansvarsfordelinga mellom stat og kommune, gjer at refusjonsordningane er fjerna eller eigenandelane blitt så høge at kommunen må rekne med store utgifter. Til dømes: Ein får ikkje lenger refusjon for forsterka fosterheimar/familieheimar og eigenandelen på ein institusjonsplass er 170 000 kr pr. måned. Dette vil seia, at endå meir enn før, vil plasseringar utanfor heimen svært kostbare for kommunen.



- Overforbruket totalt sett på omlag 1,5 millionar skyldast i all hovudsak nokre få saker som gjer meirforbruk på omfattande tiltak i heimen. Her er kommunen per nå ikkje rigga for å gje denne hjelpa sjølv og kjøper tenester i frå ideell privat aktør.

Oppsummering sjukefråvær 2022:

- Eit historisk lågt sjukefråvær og høgt nærværstal. Sjå tabell under. Dette syner tala frå samanslåinga i 2015 og fram til i dag.
- Måлтаlet for barneverntenesta er på 5%. Samla tal for sjukefråværet for 2022 er 5,51 %. Talet for 2021 var på 10,64 %.
- Sjukefråvær på kort sikt vart 1,93 %. Og sjukefråvær på lang sikt vart 3,58 %.
- Tenesta er godt nøgde med desse sjukefråværstala. Særskilt når ein kan samanlikne med tidlegare år.
- Det har vore sett inn trivnadsfremjande tiltak for heile gruppa, prosessretteleing i gruppe og jamleg rettleing til den einskilde frå leiar og fagleiarar. Leiargruppa har tru på at ein kombinasjon av gruppetiltak og individuell merksemd vidare er viktig for å halde på desse nærverstala. Samt at ein får på plass folk i alle stillingar slik at ikkje kapasiteten til dei tilsette blir pressa over tid og for stor slitasje oppstår.



5.6 Budsjett aksjonar



MÅL	Måltall	Kommuneplan	Status	Kommentar
Oppvekst og Kultur				
Felles for oppvekst				
Me skal arbeida for at barn og unge utviklar ei god fysisk, psykisk og sosial helse.		2.1		
Me skal arbeida for at alle barn og unge får utnytta ressursane sine og bli godt inkluderte i det ordinære opplegget i barnehage, skule og SFO.		2.2		
Me skal arbeida førebyggjande mot mobbing, overgrep, rusmisbruk, vald og kriminalitet. Det skal vera null-toleranse for mobbing. Me skal oppretthalda politiråd, SLT og vidareføra samhandlingsplan med politi.		2.3		
Me skal arbeida tverrfagleg og i samarbeid med heimane for å hjelpa familiar, barn og unge som treng ekstra oppfølging.		2.4		
Det generelle fråværet knytt til sjukdom i personalet i sektoren går ned.	Måling kvar måned	8.6		
Målingindikator				
Auka tal Stafettloggar som er aktive. Alle barnehagar og skular skal bruka dette verktøyet i samarbeid med heimane og i det tverrfaglege samarbeidet.	Alle barn og unge med vedtak knytt til Barnehaelova §19a og 19g, og Opplæringslova § 5.1 og 9a.		100	Er ei auke i bruk.
Auka tal aktivitetsplanar knytt til mobbing i barnehage og skule	Ei auke		100	Teljing. Notat i Teams der ein skal leggja inn etter kvart som ein startar ein ny aktivitetsplan. Orientering i kvart driftsutval.
Halda gjeldande norm for pedagogtettleik i barnehage.	Måling juni		100	Held gjeldande norm, har bemanning over norm
Pedagogtettleiken er på norma i barnehagen.	På norma i bhg		100	Ja
Ein god start, med ei auke i lærartettleiken for dei yngste i skulen.	GSI		100	Ja
Auka delen av lærartimar til ordinær opplæring i skulen. Utrekna her er forholdet mellom sum årstimar og timar til ordinær undervisning.	Ei auke		100	Måling august + GSI Delen enkeltvedtak knytt til §5.1
Etne kommunestyre ber om ei sak, rundt aktuelle oppgåver innan helse/oppvekst som kan innlemmast i SLT-stillinga. Ein skal mellom anna vurdere om det kan vera føremålstenleg å flytta oppgåver frå MOT og vidareføra Av og Til-satsinga som del av SLT. SLT-stillinga innehar viktig kompetanse innan rusfeltet, og det er viktig at denne stillinga blir kopla opp mot alle tenester og oppgåver der denne kunnskapen er relevant.	Sak levert kommunestyre	2.3	100	Har vore behandla politisk.
Gjennomføra UngData i kommunen kvart 3.år.	Vår 2024			Gjeld våren 2024
Gjennomføra «Ung i Etne» for elevane i 7. trinn	Vår 2024			Gjeld våren 2024
Mål for Skule				
Skulen skal ha høge ambisjonar og eit godt læringsmiljø som sikrar at alle elevane får utnytta sine moglegheiter		2.7		
Karaktersnittet skal liggja på eller over nasjonalt snitt. Dette gjeld både standpunkt- og eksamenskarakterar. Det er eit mål å auka talet på elevar som får minst 30 grunnskulepoeng		2.8		
Skulane skal arbeida systematisk med å skapa trygge elevmiljø gjennom mobbeførebyggjande tiltak og arbeid med MOT		2.9		
Målingindikator				
Del elevar som trivs, kjenner støtte frå lærar, meistring, arbeidsro, motivasjon og medverknad (Elevundersøkinga) skal aukast over tid.	Måling januar. Grønt nivå (4,1)		100	Er presentert i driftsutvalet
Ingen elevar skal oppleve mobbing (målt i Elevundersøkinga).	Måling januar. Grønt nivå (4,1)		100	Er presentert i driftsutvalet
Karaktersnittet skal liggja på eller over nasjonalt snitt. Dette gjeld både standpunkt- og eksamenskarakterar.	Måling juni. På eller over nasjonalt snitt		100	Er presentert i driftsutvalet
Del elevar som presterer på lågaste nivå ved dei nasjonale prøvane skal reduserast over tid.	Måling oktober		100	Er presentert i driftsutvalet
Grunnskulepoenga for elevane (karaktersummen ved avslutning for 10.klasse) viser ei positiv utvikling over tid.	Måling juni.		100	Er presentert i driftsutvalet
Tal vedtak knytt til spesialpedagogiske tiltak skal reduserast over tid.	Måling juni. 8 % våren 2022.	9.3	100	Er presentert i driftsutvalet
Del nøgde brukarar skal aukast over tid (Foreldreundersøkinga til Udir) knytt til samarbeid om læring og utvikling, trivsel, motivasjon. Foreldreundersøking anna kvart år.	Måling januar. Grønt nivå (4,1)		100	Udir har flytta denne til før jul. Klargjering i oktober. Måling i november.
Brugarundersøking på SFO med fokus på tryggleik og trivsel.	Årleg. Presentasjon for SU		0	Blir utsett til 2024.
Sikra ein god overgang mellom barnehage og skule.	Måling september. Evaluering i barnehage og skule		100	Godt arbeid her. Ny plan.



Mål for Barnehage				
Barnehagane skal ha eit godt læringsmiljø, tilsette med god fagleg kompetanse og høge ambisjonar. Etne kommune skal ha ein felles standard for tenester i dei kommunale barnehagane. Standarden skal sikra eit godt pedagogisk tilbod.		2.5		
Full barnehagedekning for alle barn 0-6 år, med minimum 2 opptak i året.		2.6		
Målindikator				
Del nøgde brukarar skal aukast over tid (Foreldreundersøkinga til Udir) knytt til samarbeid om læring og utvikling, trivsel, relasjon barn og vaksne og deling av informasjon. Foreldreundersøking anna kvart år.	Måling i januar. Grønt nivå.		100	
Ingen barn skal oppleve krenking eller mobbing i barnehagane.	Måling januar. Grønt nivå.		100	Gode planar, førebyggjande arbeid.
Deltakinga i barnehagane skal over tid være stabilt over 85%.	Måling juni.		100	Alle som vil får barnehageplass. Nokre få vel å ikkje ha barnehageplass.
Del barn på venteliste.	Måling juni. Tilbod til alle.		100	Ledig kapasitet i alle barnehagane.
Sikra ein god overgang mellom barnehage og skule.	Måling september Evaluerings i barnehage og skule		100	Ny plan laga.
Mål for Kultur				
Kulturskolen skal ha eit variert og godt kjent tilbod.		3.1		
Turstiar skal registrerast i kart som vil vera tilgjengelege via kommunen sine nettsider. Arbeidet skjer i samråd med grunneigarar.		3.2		
Me skal i saman med andre aktørar ta vare på og utvikla eksisterande og nye friluftsliv- og friområde.		3.3		
Kommunen skal vera aktiv med å leggja til rette for, og støtta opp om, kultur- og idrettsarrangement.		3.4		
Biblioteket vert nytta som ein arena for samfunnsinformasjon og debatt.		3.5		
Kommunen byggjer opp om frivillig arbeid kring kulturen og er positiv til private initiativ. Initiativ til å ta vare på, og formidla, kulturhistoria og frivillig arbeid for uorganisert ungdom er særleg ynskte tiltak.		3.6		
Me arbeider for vidareformidling og opplysningsarbeid for den kulturelle arva. Barn og unge er særleg målgrupper for formidlingsarbeidet.		3.7		
Målindikator				
Fullføre planarbeid innan kultur - kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet, kulturminneplan og bibliotekplan. Det er også eit mål å laga ein overordna kulturplan.	Plan ferdig		100	
Sikra lokalhistorisk materiale (K-059/18)	Arbeid ferdig		100	Ferdig med organisering av arkivet for lokalhistorisk materiale. Framover vil det bli mogleg for lag/organisasjonar og privatpersonar å levera inn materiale av lokalhistorisk verdi.
Del nøgde brukarar i kulturskolen skal aukast over tid (Brukarundersøking) knytt til samarbeid om læring og trivsel, relasjon barn og vaksne og dialog og deling av informasjon. Brukarundersøking anna kvart år.	Måling mai 2022			Utsett til 2024.

6. Helse og Omsorg

6.1 Innleiing

Overordna mål frå kommuneplanen: «Me skal vektleggja førebygging og folkehelse, det er eit mål at den einskilde skal ta vare på eiga helse. Det offentlege tenestetilbodet skal sikra eit likeverdige tilbod i alle livsfasar.»

Starten av 2022 vart òg prega av pandemi og det var mykje sjukefråver i tenestene dei første månadane av året. Grunna dei nasjonale koronatiltaka som vart satt igong i desember 2021, så var det behov for å styrke kommuneoverlegerolla og vaksinasjonsteam i helsestasjon. Utviklinga av smittetal gjekk betre enn forventna nasjonalt og det kom lettingar i nasjonale tiltak 12.februar. Punkter under viser oppgåver/endringar som har vore ekstra knytt til pandemi i 2022:

- Stillinga som kommuneoverlege/smittevernlege har vore styrka frå 50% til 100% i januar og februar for å ivareta oppgåver knytt til pandemi.
- Vaksinasjonsarbeid knytt til korona i helsestasjon vart styrka med merkantilfunksjon og sjukepleiar/helsesjukepleiar tom juni.
- Vindafjord kommune var vertskommune for “teststasjon” og den blei avslutta i første halvdel av året.

I tillegg til pandemi har det vore gjennomført utvikling- og endringsarbeid i sektoren. Kommunen har mellom anna fått på plass ein plan for pleie og omsorg for år 2022-2030 med reviderte tenestestandardar og kompetanseplan. Det er gjennomført ombygging av Etne legekontor og ombygging av kontor for m.a psykisk helse og rustenesta er påbyrja, og 1 av 3 rom ved bemanna bu er nå eit fullgodt institusjonsrom. I tillegg har me hatt auka fokus på velferdsteknologi og digitalisering. Fleire av våre innbyggjarar har testa medisindispensarar og lokaliseringsteknologi. Me har fått prøvd ut digitalt tilsyn. Noko som kan føre til at innbyggjarar kan bu lengre heime på ein tryggare måte. Foreldre og barn i kommunen kan nå ha kontakt med helsestasjon gjennom digital helsestasjon(innbyggardialog).

Økonomi:

Sektoren har hatt eit meirforbruk som i stor grad er knytt til pensjon og arbeidsgjevaravgift, korona, sjukefråver, vikarbyrå og NAV(sosialstønad. Dei største avvika mot budsjett er hos PLO.)

6.2 Helse

Eining helse har hatt fokus på å levera fagleg forsvarlege helsetenester gjennom å følgja nasjonalfaglege retningslinjer for drift av helse- og omsorgstenestene.

Einingsleiar helse var tilbake frå permisjon mars 2022. Det har vore sjukemeldingar i tenesta som har gitt redusert kapasitet, men ein vurderer drifta til å ha vert fagleg forsvarleg.

Økonomi

Totalt så kom eining helse ut med eit meirforbruk som i stor grad skuldast pensjon og korona.

6.2.1 Helsestasjon, skulehelseteneste og jordmortenesta

Aktivitet	01.01.2022-31.12.2022
Fødsler	59

Barn (0-5 år) med behov for oppfølging utover ordinære konsultasjonar	38 av 165
Barn (5-16 år) med behov for oppfølging utover ordinære konsultasjonar	111 av 570
Psykisk helseteam for barn og unge	14
Helsesamtalar til flyktningar	14

Det var pr. 31.12.22 totalt 3,39 årsverk i tenesta. 2,79 årsverk helsesjukepleiar, 0,2 årsverk helsestasjonslege, 0,2 årsverk jordmor og 0,2 årsverk til administrativ fagleiing. Tenesta gir konsultasjonar til barn, unge og deira familiar, møtetid i skulehelsetenesta, pårørandearbeid og nettverksbygging og kompetanseheving og bidrar i kommunalesatsingar som Bli Z.

Tenesta har organisert psykisk helseteam for ungdom 13-18 år, saman med sjukepleiar frå psykisk helse og rustenesta. Dei følgte opp 14 ungdommar i løpet av året.

Jordmor starta i fast stilling i august 22, og har fulgt opp gravide og utført tidlege heimebesøk. Alle gravide har fått tilbod om tidleg heimebesøk etter fødsel/heimkomst, og dei fleste takkar ja til dette.

Helsestasjon og skulehelsetenesta har faglege samarbeismøte med andre helsetenester, hjelpetenester og oppvekstsektoren. Frå november har dei tilsette hatt digital rettleiing med psykolog frå "Life keys" 4 t. i mnd.

1 helsesjukepleiar fullførte vår 22 psykososialt arbeid for barn og unge 60 stp.

Vaksinering

Tenesta har i samarbeid med kommuneoverlege hatt ansvar for koronavaksinasjon for innbyggjarar i kommunen. Det er satt 500 dosar koronavaksinar, ca 650 influensavaksinar og 150 pneumokokkvaksinar.

6.2.3 Psykisk helse og rustenesta

Aktivitet	01.01.2022- 31.12.2022
Tilvising	118 stk.
Aktive brukarar i løpet av året	94 stk.
Arbeid og aktivitet	20 stk.

Det var pr. 31.12.22 4,2 årsverk i tenesta. 2 årsverk til samtale, 1,5 årsverk til arbeid og aktivitet/miljøarbeid, 0,5 årsverk til arbeid med rus, og 0,2 årsverk til administrativ fagleiing. Tenesta har kontor i Etne og Skånevik.

I løpet av 2022 har tenesta fått 118 tilvisingar. Tilvising til tenesta via lege, helsestasjon, tek kontakt sjølv, NAV, politi, lærar og pårørande. Ved kontakt får ein time så snart som mogleg, og unntaksvis må ein vente utover 2 veker.

I psykisk helse og rustenesta får ein tilbod om samtalar med og utan vedtak, samtalar i heim, miljøarbeid og pårørande oppfølging. 94 innbyggjarar har i løpet av 2022 nytta seg av psykisk helse- og rustenesta sine tilbod. 11 av desse får støtte til sin rus-utfordring. 14 av innbyggjarane har samtidige ulike tilbod i frå tenesta. Psykisk helse og rustenesta driv og arbeid og aktivitetstilbod for innbyggjarar som har utfordringar med si psykiske helse og eller rus utfordring. Tenesta er eit lågterskeltilbod. Det vil seie at ein treng ikkje tilvising frå lege, men kan ta direkte kontakt med tenesta, og dei vurderer med den det gjeld om det er det rette tilbodet. På arbeid- og aktivitet får ein vere med på aktivitetar både inne og ute. Kommunen har tilsette som saman med brukarane av tilbodet legg til rette for og utviklar aktivitetstilboda. Arbeid og aktivitetstilbod er ope 3 dagar i veka. Det er omlag 20 personar som nytta seg av tilbodet i løpet av året.

Psykisk helse- og rustenesta har faglege samarbeismøte med andre helsetenester, hjelpetenester og oppvekstsektoren. Frå november har dei tilsette hatt digital rettleiing med psykolog frå "Life keys" 4 t. i mnd. Sjukepleiar frå tenesta deltek i psykisk helseteam som er organisert under helsestasjon og skulehelsetenesta. Frå november har dei tilsette hatt digital rettleiing med psykolog frå "Life keys" 4 t. i mnd.

Det vart gjennomført brukarkartlegging via "bedre kommune" haust 2022. Det vart tilrettelagt for at ein kunne få ekstern bistand til gjennomføring. Det var likevell låg svar prosent.

Kontorfasilitetene i Etne har vert under ombygging haust 2022, der tenesta har gått frå 3 til 4 kontor. Oppgåvene har blitt handtert, og drifta har vore fagleg forsvarleg.

6.2.4 Psykososialt kriseteam

Teamet består av 3 spesialsjukepleiarar frå psykisk helse- og rustenesta og 2 helsesjukepleiarar frå helsestasjon og skulehelsetenesta. Einingsleiar er leiar av psykososialt kriseteam. Alle i teamet har gjennomført kristeam skule. Det har vore 1 aktivisering i løpet av året, og 1 oppfølging frå tidlegare aktivisering. Oppgåvene er handtert i ordinær arbeidstid.

6.2.5 Ergo- og fysioterapitenesta

Kommunen har 2,6 årsverk kommunal fysioterapeut, i tillegg til 2 driftstilskot til private. I tillegg har tenesta 0,8 årsverk med kompetanse som ergoterapeut. Dei kommunale ergo- og fysioterapitenestene har vore lokalisert både i Etne og Skånevik omsorgssenter. Det er gjennomført fast samarbeidsutval mellom kommunal fysioterapiteneste og fysioterapeutar med driftstilskot.

Det har vore gjennomført regelmessig samarbeidsmøter om «venteliste» mellom kommunal fysioterapi og private fysioterapeutar med driftstilskot, slik at innbyggjarar skal få hjelp uavhengig av om det er kommunal eller privat fysioterapeut. Det var pr. 31.12.22, totalt 30 henvendingar på venteliste i

kommunal teneste. Dette både behov for fysio og/eller ergoterapi oppfølging, kvardagsrehabilitering eller hjelpemiddelformidling.

Alle innbyggjarane som fylte 75 år i løpet av året har fått tilbod om førebyggjande heimebesøk og dei fleste innbyggjarar som har fått tilbod har teke i mot dette. Fleire av innbyggjarane er vurdert inn mot kvardagsrehabilitering, 4 innbyggjar har mottatt tenesta.

Andre samarbeidspartnarar er helsetenesta forøvrig, tenestekontor, økonomi, skular, NAV, hjelpemiddelfirma, Asvo, helseforetak, spesialisthelsetenesta, syns-og audiopedagogisk teneste, pårørande m.fl

6.2.5 Frisklivstilbod

Etne kommune har i dag ein integrert modell for friskliv, læring og meistringstilbod. Det vil seia at helsestasjon, psykisk helse og rustenesta og ergo-/fysioterapi-tenesta arrangerer tilboda. Fysioterapeut koordinerer arbeidet.

Omgrepa friskliv, læring og meistring omfattar førebyggjande, helsefremmande og det å læra og leva med ulike helseutfordringar. Tilboda kan vere individuelle og i grupper. Det har vore gjennomført gruppetrening og kurs, og det har vore tilbod om helsesamtalar på individnivå.

6.2.6 Fastlege

Det er 7 fastlegeheimlar i kommunen, og alle heimlar er rekruttert inn i. Grunna pandemi var det vikar i januar og februar grunna at fastlege skulle jobbe som kommuneoverlege i 100%. Det er ei stabil legegruppe og fram til nyttår så var det ledig kapasitet hos ein fastlege.

6.2.7 Interkommunal legevakt

Etne og Vindafjord interkommunale legevakt, lokalisert i Ølen, har som hovudoppgåve å handtere alle medisinske nødstilfelle og behov for strakshjelp til befolkninga som til ein kvar tid oppheld seg i kommunane. Interkommunal legevakt sikrar dette ved å ha tilstadevakt av lege og sjukepleiar kvardagar frå 15.30- 23.00 og 08.00-23.00 i helg/høgtid. Lege har raud respons vakt etter kl 23.00. Vaktbelastninga for legane er fordelt mellom dei to kommunane etter avtale. Haugesund legevakt handterer telefonhendingar til legevaktstelefon 116 117. Telefonhendingar blir registrert i felles journalsystem i legevakta si opningstid som sikrar god informasjonsutveksling.

Den mellombelse tenesta for testing for korona, "Teststasjonen", vart avvikla første halvår.

6.2.8 ØHD

Tenesta er ei lovpålagt kommunal teneste frå 2016 og kommunen har frå 1.1.20 kjøpt tenesta av Tysvær kommune. ØHD er lokalisert i Tysværtunet. Det er legevakt eller fastlege som kan leggja pasientar inn i dette tilbodet etter gitte kriterium.

Oversikt over bruk av tenesta:

	2020	2021	2022
Tal pasientar	12	17	10
Tal liggedøgn	45	57	26

6.2.9 Miljøretta helsevern

Etne har ein interkommunal samarbeidsavtale med Sauda om kjøp av tenester innan miljøretta helsevern. Sjå eigen årsmelding.

6.2.10 Kommuneoverlege

Kommuneoverlegen si rolle er å vera medisinsk fagleg rådgjevar for helsetenesta, administrasjonen og politiske organ (jf. § 5-5 i lov om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m.). Fokusområda til kommuneoverlegen er knytt til smittevern, miljøretta helsevern, medisinsk fagleg rådgjeving, helse- og sosialberedskap, samt tvungen psykisk helsehjelp.

6.2.11 Tenester for personar med funksjonshemming og miljøarbeidstenesta

Miljøarbeidstenesta har ytt tenester til om lag 21 innbyggjarar etter helse- og omsorgstjenestelova § 3-2-6a-b «Helsetjenester i hjemmet» og «personlig assistanse, herunder praktisk bistand og opplæring og støttekontakt» og «avlastning» Tenesta er lokalisert i Gjerdsrabbane Bufelleskap som har 5 bustader med heildøgnsbemanning og 2 avlastningbustader i Gjerdsrabbane burettslag. Det vart tilsett ny avdelingsleiar i miljøarbeidstenesta dette året.

Det er eit nokså stabilt tal med innbyggjarar som får helse- og omsorgstjenester, men det er ein auke i omfang hos fleire. Dette er spesielt knytt til avlastningstiltak og «praktisk bistand og opplæring».

	31.12.2017	31.12.2018	31.12.2019	31.12.2020	31.12.2021	31.12.2022
Praktisk bistand/opplæring	18	15	17	18	20	21
Praktisk bistand	0	7	10	7	6	
Støttekontakt	14	14	17	16	15	13
Avlastning	2	2	2	4	4(+2)*	6
Koordinator	0	40	56	62	62	62
Omsorgstønad	4	4	4	4	7	7
BPA	1	1	1	1	1	1
Heildøgnsbemanna omsorgsbustad	5	5	5	5	5	5

*+2 stk der vedtaket ikkje er iverksett.

6.3 PLO

Drifta i PLO har vore krevjande med høgare sjukefråver og meir vakansar enn det me hadde planlagt for. Første del av året var det mykje sjukefråver knytt til korona i fleire av avdelingane. Det har vore nytta munnbind hos tilsette ved symptom for å førebygge sjukefråver i avdelingane. Rekruttering til ledige stillingar har vore bra i heimetenesta i Etne og til dels i institusjon. Det har vore krevjande å få rekruttert til natt og heimetenesta i Skånevik. For å ivareta forsvarlege tenester har det vore behov for innleige fra vikarbyrå i periodar.

Det har gjennom året vore jobba med å få til årsturnus saman med tillitsmannsapparatet og verneombod. For å få nok kunnskap om årsturnus både til dei tilsette og leiarar så har Sveio kommune presentert for oss deira erfaringar fra prosessen fram mot årsturnus og erfaring etter igongsetjing. Alle tilsette har vore invitert til møtepunkt. I tillegg har leiara og tillitsvalde hatt opplæring fra konsulentfirma. Årsturnusen har oppstart i mars 2023.

Det vart gjennomført ein mellombels endring i leiarstruktur i august mellom anna grunna manglande rekruttering av avdelingsleiar, og behov for å fordele ansvar. Den mellombelse løysinga som vart gjennomført var ein del av planen for pleie og omsorg 2022-2030. Eininga PLO vart delt i 2 einingar der

avdelingsleiar for avd 2 vart omgjort til mellombels stilling som einingsleiar for institusjon og demensomsorg. Tidlegare einingsleiar for PLO vart omgjort til einingsleiar for heimebaserte tenester.

Brukar og pårørandeundersøkinga fra bedrekommune.no vart gjennomført med hjelp av frivilligsentralen for brukarar av tenestene i pleie og omsorg. Svara viser at dei fleste er godt fornøgd med tenestene som blir levert. Resultatet er brukt som grunnlag i plan for pleie og omsorg 2022-2030.

Tabellen under viser status for aktive brukarar 31.12.22. Det er ikkje noko stor endring i tal brukarar av dei ulike tenestene fra åra før, men det er ein endring i funksjonsnivå og behov for helse og omsorgstenester hos heimebuande som ikkje kjem fram av tala. Me føl utviklinga og riggar for framtida. Me har tatt imot dei fleste innbyggjarar som har vore utskrivingsklare, men nokre har me ikkje klart å ta imot grunna full institusjon og ombygging. Totalt har me brukt 32 døgn for utskrivingsklare pasientar.

Tabell syner tal på aktive tenester per 31.12

	31.12.2018	31.12.2019	31.12.2020	31.12.2021	31.12.2022
Heimehjelp/praktisk bistand	40	54	50	55	48
Heimesjukepleie	116	101	105	116	113
Matomkering og matabn.	22+0	18+17	20+16		26+15
Tryggleiksalarm	63	61	71	75	73
Dagtilbod til heimebuande	0	8	7	10	10
Omsorgsstønad	1	1	1	1	3
Langtidsopphald institusjon	25/24	27/24	27/24	25/24(27)	24/26
Korttid/rehab	5/6	3/6	5/6	4/6	7/7
Bemanna omsorgsbustad	5/14	19/24	19/21 *1	19/19	19/19
Ubemanna omsorgsbustad			30/31	29/31	29/31
Omsorgsbustad: Privat med utpeikingsrett	3	3	3	3	3

*1: 3 av 10 bemanna omsorgsbustadar i Etne omsorgssenter er nytta som institusjon. 21 bemanna omsorgsbustader er innkludert 2 rom ved Skånevik omsorgssenter som kun blir nytta når det er stort behov hos innbyggjarar til mellombelse løysingar. Totalt tal utleige einingar som me planlegg utleige i er 19.

*2: 2 av omsorgsbustadene er nytta som avlastningsbustad for barn og unge.

Økonomi:

Når ein ser vekk fra koronarelaterte kostnader så har eininga eit meirforbruk på ca 6,6 mill. Det er knytt til meirbruk av vikarbyrå grunna manglande rekruttering til vakante stillingar og fråver(1 mill), høgt sjukefråver fører til meirforbruk av turnustillegg(helg/høgtid/kveld) (ca 1mill), manglande refusjon fra staten knytt til ressurskrevjande tenester(0,5 mill), pensjon og arb.gjevaravgift ca 4,8 mill.

6.3.1 Institusjon

Det har vore stort press på institusjonsromma dette året og det har kun i korte periodar vore ledig kapasitet. Velferdsteknologien har utfordra drifta med feilmelding på t.d dører og låsesystem. Det har blitt

jobba med å finne løysing, men det er ikkje 100% på plass. Det har derfor vore behov for å ha andre rutinar for tilsyn i periodar. Tilsette har meldt avvik og det blir fulgt opp av leiinga.

6.3.3 Heimetenester og bemanna bu

Dei heildøgnbemanna omsorgsbustadane ved Etne- og Skånevik omsorgssenter er drifta av heimetenestene. I Etne har ein starta fysisk omgjerung av bemanna bustadar til å bli tilpassa institusjonsrom. Det er krevjande å planlegge for ombygging, då det har vore høgt press på institusjonsromma og få dagar der det er ledig. 1 av romma blei ferdigstilt i 2022 og ein planlegg for vidare ombygging i 2023. Både Etne og Skånevik har hatt eit høgare omsorgsnivå enn det som er planlagt for i desse bustadane. Det har vore leigeavtalar på dei fleste bustadar til ei kvar tid gjennom året.

I heimetenestene har ein arbeidd med å få rulla ut meir velferdsteknologi til heimebuande

6.3.4 Dagsenter for personar med demens

Dagaktivitetstilbodet er for dei som treng tilrettelagte aktivitetar for å klare å bu heime lengst mogleg. Tilbodet er lokalisert i Etne omsorgssenter 4 dagar per veke. Brukarane av tilbodet kjem fra heile kommunen og me har «henteteneste» til og fra tilbudet. Dette er viktig for at brukarane skal oppleve tryggleik og ha eit ønske om å bruke tilbudet. Det har vore ca 10 brukarar av tilbudet til ei kvar tid.

6.3.5 Velferdsteknologi

Det har dette året vore testa ut nye medisindispensarar. Det har vore feil på nokre av dispensarane og det er retta opp i. Dette har utfordra ift at innbyggjarar kan bli utrygge på om dispensar verkar som den skal. Erfaringar frå andre kommunar er gode og me jobbar målretta for å kvalitetssikre bruken av dispensarar. Digitalt tilsyn rulla ut i eit testrom. |

Kommunen har delteke i tryggleik- og meistrings prosjektet saman med kommunane på Haugalandet med mål:

1. Velferdsteknologi vert tilbydd som ein integrert del av tenesta
2. Overgang fra prosjekt til drift for vidare samarbeid.
3. Vidareutvikling av digital helse- og omsorgstenester til regionens innbyggjarar.

Haugalandsamarbeidet isaman med sør-Rogaland har utført felles anskaffingar knytt til m.a. medisineringsstøtte.

6.4 NAV Vindafjord-Etne

Hovudtrekk oppgåver og drift

NAV skal arbeida for å betra levevilkåra for vanskelegstilte slik at den einskilde får høve til å leva og bu sjølvstendig og ha eit meningsfullt liv i eit sosialt fellesskap. Vidare skal ein gi råd og rettleiing som kan bidra til å løysa eller førebyggja sosiale vanskar.

NAV kontoret, som består av 23,3 årsverk, har ansvar for statlege arbeids- og velferdsoppgåver, økonomisk sosialhjelp inkludert krisehjelp og midlertidig husvære, kvalifiseringsprogrammet (KVP), FRAM, økonomisk rådgjeving, gjeldsrådgjeving, startlån og bustøtte gjennom Husbanken og Integreringstenesta.

Økonomi

Økonomisk sosialstønad

Det har vore eit meirforbruk på økonomisk sosialstønad på rundt 1,2 mill., og det har vore ein auke i utbetalingar frå 2021 til 2022 på rundt 1,3 mill. Hovudårsaka til denne auken er at kostandane i samfunnet har auka mykje i 2022. Me ser at fleire som tidlegare akkurat klarte seg, no har behov for hjelp då både mat, drivstoff og straumprisar er blitt dyrare. Me ser òg ein auke i personar som har behov for naudhjelp. Det har vore stor auke i utbetaling av straum i år. Og viss ein ser bort i frå sosialstønad til flyktningane, så er dette hovudåraken til auken frå 2021 – 2022. Ein må og ta med at frå juli 2021 rekna ein ikkje lenger med barnetrygda i utmåling for økonomisk sosialstønad, og av den grunn er det og naturleg at utgiftene i 2022 vil vera høgare enn i 2021. Grunna busetting av flyktningar har det blitt fleire sosialhjelpsmottakarar, noko som påverkar utbetaling av økonomisk sosialhjelp. Nye busette flyktningar er avhengig av økonomisk sosialstønad før dei startar i introduksjonsprogrammet, og får utbetalt introduksjonsstønad. Me ser òg at mottakarar med sosialhjelp som hovudinntektskjelde auka betrakteleg frå 2021 til 2022, og dette er og naturleg grunna busetting av flyktningar. Talet på unge sosialhjelpsmottakarar held seg forholdsvis stabilt, og det har heller ikkje vore store auken på barnefamiljar som mottar økonomisk sosialstønad.

Kvalifiseringsstønad

Det har vore eit overforbruk på kvalifiseringsstønad og tiltak i kvalifiseringsprogrammet på rundt 0,2 mill. Gjennom året har det vore 8 deltakarar i kvalifiseringsprogrammet. I løpet av året var det 2 som flytta til annan kommune og 4 som avslutta programmet. Alle 4 som avslutta programmet gjekk over til arbeidsavklaringspengar.

Kategori	2021	2022
Antall mottakarar av økonomisk stønad	76	91
Antall med økonomisk stønad som hovudinntekt	24	41
Langtidsmottakarar over 6 månader	32	30
Unge mottakararar under 25 år	14	18
Mottakararar med forsørgingsplikt	31	35
Antall i kvalifiseringsprogrammet	8	8
Antall med § 17 vedtak (Råd og rettleiing)		18
Antall med § 27 vedtak (Mellombels bustad)		1

Flyktningar

Busetting 2022

	Alle	Vaksne	Barn	Over 55	Ukrainsk
Busett	16	15	2	1	15
Reist tilbake	2	1	1		2

2022 vart eit spesielt år med tanke på busetting. Etter krigen i Ukraina braut ut førebudde me oss på å busetta flyktningar raskt. Det var likevel berre fire personar som kom til Etne i løpet av våren. To av desse reiste tilbake til Ukraina etter kort tid. Frå august byrja me å få tildelingar, og busette jamt og trutt ut året. Fokuset har vært å finne bustadar, få flyktningane etablert og ordne mykje praktisk. Berre to personar rakk å starte i introduksjonsprogrammet før årsslutt, men fleire av dei starta på norskopplæring. Det er ei utfordring å få til fulltidsprogram, då vaksenopplæringa ikkje tilbyr dette. Det har vært vanskeleg å få til å starte deltakarar i praksis, så tidleg i programmet. Nokre av dei busette jobbar heimanfrå i jobbar i Ukraina.

Av tidlegare busette flyktningar

Ved utgangen av månaden	Totalt i 5 årsperiode	Tal på vaksne	Tal på barnefamiljar	Tal på introdeltakarar
Desember 2021	28 stk	11 stk	6 stk	2 stk
Juni 2022	14 stk	8 stk	3 stk	0 stk
Desember 2022	4 stk	3 stk	1 stk	-
Juni 2023	1 stk	1 stk	0 stk	-
Desember 2023	1 stk	1 stk	-	-
Mars 2024	0 stk	0 stk	-	-

I løpet av 2022 gjekk altså dei aller fleste ut av 5 års perioden. Ved årsslutt var det berre fire personar igjen. I løpet av 2022 var det to deltakarar som fullførte introduksjonsprogrammet. Ein gjekk over til grunnskule og ein til permisjon/NAV.

Tiltak og aktivitet

Me har utfordringar med at ikkje alle passar inn i dei tiltaka me har, og me ser eit behov for fleire kommunale lågterskeltilbod for at brukarar skal ha noko å gå til og få forbereda seg til arbeidsretta tiltak. Det er spesielt i kvalifiseringsprogrammet me har utfordringar med å finne passende aktivitetar, men òg i forhold til unge sosialhjelpsmottakarar. Den største innsparinga hos NAV er å få folk ut i arbeid. Dette er ein vinn- vinn situasjon for kommunen, mindre utgifter på sosialstønad, samt at kommunen får fleire skattebetalarar. For at me skal lukkast med dette må kommunen investera i fleire tiltak og verkemiddel, slik at fleire kjem seg ut i lønna arbeid. I 2021 fekk me innvilga prosjektmidlar frå statsforvaltaren, og det vart tilsett ein aktivitetskoordinator som starta opp i august 2021. Aktivitetskoordinatoren jobba med ulike aktivitetstilbod, samt auka samarbeid på tvers med andre einingar i kommunen og næringslivet. Prosjektet blei forlenga ut april 2023, men grunna utfordring med å tilsette ny aktivitetskoordinator måtte me sjå oss nøyd til å avslutte prosjektet 01.12.22.

Tilsyn

Hausten 2022 hadde NAV kontoret tilsyn fra Statsforvaltaren i Rogaland. Tema for tilsynet var ansvaret Nav-kontora har for å ta vare på barn sine behov når familien søker økonomisk stønad. Føremålet med tilsynet er å avdekkje svikt og bidra til å styrke rettstryggleiken og kvaliteten i dei sosiale tenestene, mellom anna ved å stø opp om og bidra til kvalitetsforbetningsarbeidet hos tenestene sjølve. Tilsynet vart gjennomført som del av eit landsomfattande tilsyn initiert av Statens helsetilsyn.

Statsforvaltaren undersøkte om Vindafjord kommune sørger for at arbeidet med kartlegging, vurdering, avgjerd og oppfølging av barnefamiljar vert utført i samsvar med aktuelle lovkrav slik at brukarane får trygge og gode tenester.

Statsforvaltaren peikar på følgande:

- Nav Vindafjord-Etne gjer ikkje ei forsvarleg kartlegging av barn sine behov når familien søker økonomisk stønad
 - Det enkelte barn sin heilheitlege situasjon blir ikkje kartlagt i alle saker
 - Dokumentasjon av kartlegginga er mangelfull o
 - Det er ikkje tilstrekkeleg kontroll av kartleggingsarbeidet

Dette er brot på sosialtenestelova §§ 18 og 19, jf §§ 4 og 43, forvaltningslova §§ 11 d og 17 og kommunelova § 25-1

Kommunen si styring sikrar ikkje at det vert gjennomført forsvarleg kartlegging i alle saker som gjeld økonomisk stønad til personar med forsørgjaransvar for barn. Mangelfull kartlegging inneber ein risiko for

at ikkje alle vedtaka bygger på konkrete og individuelle vurderingar av det enkelte barn sine behov ved utmåling av stønad

For å rette opp i lovbrotet blei kommunen bedt om å utarbeida ein plan med tiltak for å retta opp i lovbrotta. Planen skulle innehalde følgande:

- Tiltak som skal gjennomførast for å oppnå forbetring
- Fristar for iverksetjing og evaluering av om tiltaka har virka som planlagt
- Skildring av korleis leiinga vil følge med på og kontrollere at tiltaka vert iverksette og gjennomførte og verkar som planlagt

Tiltak	Iverksetjing av tiltak	Evaluering av tiltak	Merknad
Ta i bruk nytt kartleggingsskjema og dokumentere dette i fagsystemet.	15.12.2022	15.02.2023	
Utarbeide og oppdatere rutinar for kartlegging og oppfølging av barnefamiljar. Blant anna: - Kartlegging - Barneperspektiv-samtale - Dokumentasjon - Eigenvurdering	01.01.2023	30.06.2023	Me startar arbeidet med å få utarbeida gode rutinar på nyåret, men arbeidet vil pågå over ein liten periode.
Barneperspektiv som tema på sakmøte 1 gong i veka (erfaringsutveksling) og på fagmøte med leiar 1 gong i månaden.	01.01.2023	30.04.2023	
Eigenvurdering 1 gong i året kor blant anna barneperspektiv er tema	01.01.2023	30.06.2023	Me har allereie hatt dette som rutine før, men me setter det som eit tiltak då denne evalueringa er viktig å få opp å gå igjen. Me vil sette barneperspektiv som eit eige punkt i eigenvurderinga.
Utføring av stikkprøvar det første året etter tilsyn. Leiar og teamleiar vil kvartalsvis utføre stikkprøvar på tilfeldig utvalde saker for å sjekke at kartlegging og oppfølging er tilstrekkeleg.	01.01.2023	31.12.2023	

6.5 Budsjett aksjoner

MÅL	Måltall	Kommuneplan	Status	Kommentar
Helse og Omsorg				
Me skal vektleggja førebygging og folkehelse, det er eit mål at den einskilde skal ta vare på eiga helse. Det offentlege tenestetilbodet skal sikra eit likeverdige tilbod i alle livsfasar.		Kap. 4		
Mållindikator				
Plan for PLO	100 %		100 %	Vedtatt i juni.
Heilskapleg plan for helse og omsorg	100 %		20 %	Det var ikkje kapasitet til å gjennomføre planprosessen. Blir overført til 2023.
Redusera sjukefråværet fra 2021 nivå. Eigne måltal for kvar avdeling		8.6	100 %	Målast kvar mnd Bl. Sjukefråveret totalt vart ikkje redusert.
Planlagt bruk av vikarbyrå til ferieavvikling		9.1	100 %	Målast kvar mnd. Vikarbyrå var kun planlagt inn som ferievikar i budsjett, men grunna langtidsfråver og ledige stillingar var det behov for å nytte meir vikarbyrå.
Redusera bruk av overtid frå 2021 nivå		9.1	100 %	Målast kvar mnd Bl.
Delta i prosjekt "deltid-heiltid for kommunen".			50 %	Auke i stillingstorleikar ved å nytte årsturnus i heildøgnsstenester fra mars 2023.
Brucarundersøking skal gjennomførast i eining helse-miljøarbeidstenesta og psykisk helse og rustenesta	1 i løpet av året	8.5	50 %	Brucarundersøking er gjennomført i psykisk helse og rustenesta. Nytt bedrekommune.no som verktøy. Brucarar fekk tilbod om hjelp til gjennomføring av brukarundersøkinga. Det var få brukarar som gjennomførte undersøkinga.
Kommuneoverlege/smittevernlege: Planarbeid-Smittevernsplan	100 %		80 %	Smittevernsplan er delplan til helseberedskapsplan. Den blir levert saman med helseberedskapsplanen i 2023.
Kompetanseplan for helse og omsorg	100 %	8.3	70 %	PLO er ferdig. Helse har starta kartlegging.



Mål for PLO				
Byggja nytt omsorgssenter i Etne i planperioden for å ta i vare sjuke i eigen heim når det ikkje lenger let seg gjera å oppretthalda ei forsvarleg helseteneste i heimen		4.1		
Målindeikator				
"Leve heile livet" - Implementering av plan jamfør tiltaksliste	100 %		50 %	Eigen plan for gjennomføring av tiltak i plan. Forsinka grunna vakant leiarstilling i PLO.
Pleiefaktor(tal pasientar/tilsette) institusjon avd 2	0,87		100 %	Bemanningsplan har denne pleiefaktoren
Pleiefaktor institusjon avd 1	1,05		100 %	Bemanningsplan har denne pleiefaktoren
Tal rom institusjon: korttid/rehabilitering/avlastning	8 rom		100 %	
Tal rom institusjon: langtid	26 rom		100 %	
Tal døgn som «overliggar» for Etne sine utskrivingsklare pasientar skal max vera	32 døgn		100 %	32 døgn er brukt. 10 døgn grunna ombygging av eit rom
Redusera bruk av ekstrabemanning frå 2021-nivå			80 %	Budsjett er reduksjon ift 2021 nivå. Har eit meirforbruk der det meste er knytt til korona.
Alle stillingar i grunnbemanning over 20% skal vera rekruttert til			70 %	Utfordrande å få rekruttert til Skånevik i faste stillingar. Det er fortsatt ledige stillingar.
Sjukefråvære skal vera 6%. Målast kvar mnd	6 %		100 %	Farge indikerer at fråver blir målt. Målast siste dag kvar mnd. Har hatt eit høgare sjukefråver enn måltal totalt i helse og omsorg.
Mål for Heimetenesta				
Etne kommune satsar på heimebaserte tenester ved å nytta kvardagsrehabilitering og velferdsteknologi. Det er eit mål at flest mogleg bur lengst mogleg i eigen heim		4.2		
Etne kommune bør oppretta eit dag-/aktivitetstilbod for heimebuande demente.		4.6		
Målindeikator				
Minimum antall brukarar av velferdsteknologi som har tatt i bruk:				
o Tryggleiksalarm	75 stk	4.2	100 %	Eigen oversikt for kvar mnd
Røykvarsalar	90 stk	4.2	100 %	Eigen oversikt for kvar mnd. Varierende tal.
o Medisindispensar	8 stk	4.2	100 %	9 stk utdelt.
o Digitalt tilsyn	4 stk	4.2	30 %	1 av 4 utdelt
o Lokaliseringsteknologi	6 stk	4.2	100 %	6 stk utdelt
o Bevegelsesensorar	6 stk	4.2	100 %	
Gevinstrealisering velferdsteknologi: Spart tid/unngått besøk.	Fire gonger per år	4.2	100 %	kartlegging 31.3, 30.7, 31.10. og 31.12.. 22% besparing når ein ser det mot tal timar utan velferdsteknologi.
Minimum tal brukarar som har tenesta kvardagsrehabilitering	10 brukarar per år	4.2	80 %	Månadleg rapportering
Alle 80-åringar får tilbod om førebyggjande heimebesøk	100 %	4.2	100 %	Alle har fått tilbod
Tal som takkar ja til førebyggjande heimebesøk	60 %	4.2	100 %	kun 20% har takka nei
Belegg i omsorgsbustadar				
o Etne Bustadskiping	18/20		100 %	
o Gjerdsrabbane burettslag	10/11		100 %	
o Gjerdsrabbane bufelleskap	5/5		100 %	
o Heildøgnsbemanna bustad for eldre-Skånevik	12/14		100 %	
o Heildøgnsbemanna bustadar for eldre-Etne	7/7		100 %	
Bemanningsfaktor heildøgnsbemanna bustadar for eldre				
o Grunnbemanning Etne: inkl 3 institusjonsplassar (totalt 10 rom)	0,58		100 %	
o Grunnbemanning Skånevik: (totalt 12 rom)	0,6		100 %	
Bemaningsfaktor dagsenter for demens	2 tilsette per dag		100 %	

Mål for Helse				
Byggja eit godt fagleg tilbod for rusavhengige og familiane deira, der me legg vekt på eit godt tverrfagleg samarbeid mellom einingane.		4.3		
Me skal styrka helsetilbodet til personar med psykiske lidningar og utvikla butilbod.		4.4		
Målindikator				
Friskliv, læring og meistringstilbod skal vera ein integrert del av helsetenesta både i form av individuell og gruppebasert oppfølging. Tilboda skal retta seg mot pasient/brukar og pårørnde			100 %	
o Kurs etter behov			100 %	
o Kurs for pårørndestøtte	1		100 %	Kurs knytt til demens.
Sikra at alle barn, unge og familiar vert sett og følgt opp når det er grunnlag for uro: Tilsette arbeidar systematisk etter Bli Z modellen både på system og individnivå.			100 %	Styringsgruppa i Bliz føl tett opp. Einingsleiarar har oversikt over tal loggar mm og rapportere kvar mnd. til kommunalsjef
Psykososialt kriseteam: deltakarar i teamet skal ha gjennomført "kriseskulen"	100 %		100 %	Alle medlemmer har "kriseskulen"
Prosjekt "psykisk helseteam for ungdom og pårørnde"				
o Ungdom mellom 12-18 år som får oppfølging	15 stk		100 %	Kartlegging 31.3, 30.7, 31.10. og 31.12.
o Føresette til målgruppa som får foreldrerettleiing	15 stk		100 %	Kartlegging 31.3, 30.7, 31.10. og 31.12.
Tenesta skal kartleggja kor mange innbyggjarar som årleg får oppfølging i psykisk helse- og rustenesta:	4 gonger per år		100 %	Kartlegging 31.3, 30.7, 31.10. og 31.12.
o Hovedforløp 1 (milde og kortvarige problem)			100 %	
o Hovedforløp 2 (kortvarige alvorlige problem/lidningar)			100 %	
o Hovedforløp 3 (Alvorlige og langvarige problem/lidningar)			100 %	
Gjennomføra "Brukarplanundersøking" for psykisk helse og rus	100 %		0 %	Det har ikkje vore tilbod om brukarplankartlegging for kommunane dette året.
Helsestasjon- og jordmorteneste. Samarbeid med andre kommunar? Sak til politisk behandling før budsjett 2023		2.1/2.4	100 %	Har hatt 2 møtepunkt med annan kommune. Det er ikkje interesse frå annan kommune om samarbeid per nå. Det er tilsett jordmor i 20% stilling. Det blir derfor ikkje sak til K-styret i 2022
Planleggja for drift av ny heildøgnsbemanna bustad for personar med psykiske helseutfordringar frå 2023		04.apr	0 %	Grunna investeringsbudsjett 2023- så var det ikkje behov for å planlegge for drift enda.



7. Utvikling og Drift

7.1 Innleiing

Utvikling og drift har hatt eit stabilt år med lite uforutsette hendingar. Det har våre ei særskild positiv sakshandsamingstid generelt på saksbehandling. Året vart og prega av høge straumprisar og fokus på og holde kontroll på driftskostnadane. Det har våre avholdt næringsfrukost og landbrukslunsj i desember som var ein fin moglegheit til å ha god dialog med innbyggjarane våre.

På investering har aktiviteten våre planlagt redusert i slutten av året og inn i neste som ein planlagt endring med meir fokus på og bygge organisasjon og inngå viktige rammeavtalar for å kunne ruste seg til framtidig aktivitet. Det har tidvis våre høgt sjukefråvær i einiga samla sett.

2022 var og prega av konflikta i Haugaland brann og redning. Denne førte til slutt av Etne valte å trekke seg ut av samarbeidet, og etablerte sitt eige brannvesen igjen. Det har i 2022 våre tilsett ny brannsjef, og seinare leiar for beredskap som er sentrale rollar i og etablere brannvesenet igjen.

7.2 Investering

Følgjande prosjekt vart gjennomført eller påbegynt i 2022:

- Etnesjøen torg- og kaiområde. Forprosjekt (reguleringsplan, vedteke oppstart mars 2023).
- Utomhusplanar for Enge barnehage og Skånevik barnehage.
- Rehabilitering av Etne tinghus. Skisser, underlag og oppfølging av forprosjekt (ferdig 2023).
- Kulturaksen i Etne (medverknad og plan for oppfølging og framtidig disponering av areala).
- Gamle Expertkrysset. Forprosjekt om betre kryssløysing og bruk av omliggande areal.
- Bygging av nytt fortau langs vegen til Tongane.
- Skiferplattung ved Kong Magnus-statuen i tinghusparken.
- Starta arbeidet med ombygging/oppussing av kontor/personalgarderobe psykiatri.
- Starta arbeidet med å bygge om omsorgsbustad til institusjon ved bemanna bu. Ombygging av 1 stk. bustad i 2022.
- Utviding av antal kommunale ladestasjonar for elbil. Prosjekt som har motteke tilskot frå Miljødirektoratet.
- Renover 1 stk. omsorgsbustad Gjerdsrabbane.
- Starta med oppgradering av personalgarderobe og pauserom ved Skånevik skule.
- Starta arbeidet med å bytte til LED belysning ved Enge skule, som eit klima og energitiltak.
- Halde fram med oppgradering av Etne helsesenter.
- Starta arbeidet med å kartlegge brannteknisk status ved kommunale bygg. Skånevik skule, Skånevik omsorgssenter og Enge skule gjennomført i 2022.
- Detaljprosjektert og klargjort anbod for Eikemo kai.
- Utviding av gravplass i Skånevik.
- Oppgradering og forsterking av veg, samt etablering av fortau for delar av Osnesvegen.
- Oppgradering og forsterking av veg Sørstranda.
- Gjennomført forprosjekt for uteområda ved Enge skule (Skakke) og Skånevik skule (ungdomsskulen).

- Starta arbeidet med å legge nytt dekke på kunstgrasbana Etne.
- Utbetring av kommunale bruer. I 2022 bru ved Slåkabekken og Flåte bru.
- Bytte av heis ved Skånevik omsorgssenter.
- Elles har ein teke mindre investeringar som; bytte av UPS ved Etne omsorgssenter, nyanskaffingar vaskemaskinar D/V og nytt klordoseringsanlegg ved symjehallen på Enge skule.

7.3 Næring

Etne kommune har i 2022 fortsett fokuset på samarbeid med næringslivsforreningane. Det har vore gjennomført månadlege møter med Fikse og Medvind. Det har våre fokus på og imøtekomme næringslivet, og være ein støttespelar. Me har sett nye bedrifter etablert seg, mens nokon diverre har valt å avvike. Næringslunsj på fønix hadde godt oppmøte, og ein fin anledning til å møte ulike lokale aktørar. Det er og positive initiativ i blant anna Åkrafjorden som kommunen ynskjer å støtte fram. Det vil og være viktig og utvikle nye næringsområde, då det i dag er lite næringsareal tilgjengeleg.

7.4 Utvikling

Utvikling har følgjande arbeidsoppgåver (i alt 10 årsverk): Plan, miljø og folkehelse (2), byggesak (2), kart og oppmåling (2), landbruk og viltforvaltning (2), prosjekt (1), leiar (1).

Fleire tilsette bidreg i prosjektarbeid. Og der er generelt mykje tverrfagleg samarbeid innan eininga.

PLAN OG MILJØ:

Kommuneplanen sin arealdel:

Offentleg ettersyn er planlagt innan sommaren 2023. Det har i 2022 vore arbeidd mykje med m a. kvalitetssikring, oppdateringar til nye krav frå styresmaktene, kartarbeid, planomtale og føresegrer. To delplanar vart utarbeidd siste år og vedteke i desember 2022, begge gir føringar for arealdelen:

- Energi- og klimaplan 2023-2027 (temaplan).
- Kommunedelplan for kulturmiljø 2022-2026 (laga i samarbeid med kulturavdelinga).
- Elles så er vi godt i gang med det som er eit pilotprosjekt i landet, og viktig for arealdelen vår: Friskmelding av område under marin grense av omsyn til områdeskred/kvikkleireskred.

Arbeid med detaljplanar:

- Droppsone ved Skakkesenteret – vedtak feb. 2023 (reguleringsendring, kommunal plan).
- Ny (permanent) bussterminal ved Etne senter mm. (kommunal plan).
- Oppstart av detaljplan for Skålnes-Hagavik (endring av privat plan).
- Gul-stripe-prosjektet E 134 (opprusting av strekninga Fikse-Mørkeli, statleg plan).

BYGGESAK OG KART OG OPPMÅLING:

Nøkkeltal for byggesak og kart og oppmåling i 2022:

SAKSTYPE	TAL SAKER
Byggesøknadar eitt trinn + søknad utan krav om ansvarsrett	71
Rammesøknadar	5
Dispensasjonssaker (endring frå 55 saker i 2021)	74

Byggesaksklagar	2
Oppmålingsforretningar	50
Delingssaker, plan- og bygningslova og matrikkellova	33
Ferdigattestar / Mellombels bruksløyve	51 / 6

Større einskildsaker og -prosjekt mm.:

- Sardinfabrikken i Skånevik. Forarbeid for løyve til fasadeendring på fabrikkdelen, riving av fryselager mm. (vedtak feb. 2023). Dialog med fylket vedr. omsyn for kulturmiljø.
- Etne Forbruksforening. Kontakt om planar for leilegheitsbygg, no gjort vedtak om regulering.
- SARA-prosjektet til HIM, komplettering av abonnement for renovasjonsgebyr for bygg.
- Framhald av adressering av hytter i fjellet. Godt over 90 % av aktuelle bygg i EK har adresser.
- Mange saker innan oppretting av grunneigedom, tilleggsareal og grensejusteringar, klarlegging av grenser, matrikkelrettingar etc. Fleire tidkrevjande saker.
- Kjøp og sal av eigedom, prosess og avtaledanning. Deltaking i grunnforhandlingsnemnd.
- Fortau og vegutviding på Tongane, inkl. grensejusteringar og grunneigaravtalar.

LANDBRUK OG VILTFORVALTNING:

Landbruket er ei stor og viktig næring i Etne kommune og medverkar til mange arbeidsplassar. Kommunen har eit omfattande ansvar for forvaltning av økonomiske og juridiske verkemidlar for landbruksareal og -eigedomar. Landbruksproduksjonen i kommunen held seg stabil, med ei dreining mot større driftseiningar. Satsingsvilja er stor. Yngre folk har tatt over fleire gardar.

Nøkkeltal for landbrukssaker i 2022:

SAKSTYPE	TAL SAKER
Produksjonstilskot i jordbruket – PT (kontrollsaker)	145 (15)
Tilskot Regionalt miljøprogram – RMP (kontrollsaker)	98 (5)
Tilskot organisert beitebruk - OBB	11
Tilskot sjukdomsavløyising i jordbruket	26
Tilskot til tiltak i beitelag	4
Tilskot til drenering (kontrollsak)	3 (1)
Driftsutbygging – Innovasjon Norge	4
Søknad om miljøtilskot til landbrukets kulturlandskap (SMIL)	12
Søknad om bygging av landbruksveg	5
Søknad om nydyrking - jordlov	4 (58 dekar)
Jordlova § 9 (omdisponering av dyrka/dyrkbar jord)	2 (2,2 dekar)
Jordlova § 12 (deling av landbrukseigedom)	7
Søknadar om konsesjon	7
Føring av overdragingar av landbrukseigedom i matrikkelen	24

Om viltforvaltning og veterinærvakt mm.:

- Viltutvalet handsama 13 saker i 2022. Det vart vedteke lokale retningslinjer for det kommunale viltfondet, som får inntekter frå fellingsavgifta på hjort.

- Det var tildelt 735 fellingsløyve på hjort, 541 dyr vart felt. Tala for rådyr var 210 og 55. Tala for hjort har auka over mange år; dette tilseier at hjortestamma er livskraftig og veksande. Talet på felte rådyr har vore meir stabilt.
- Kommunen er lovpålagt å ha veterinærvakt for stordyr. Å få ei tilfredsstillande vaktordning har vore ei utfordring i 2022. Etter vakanse på ei av dei tre av stillingar sist haust, vart det i starten på 2023 tilsett ein ny tredje veterinær i ordninga.
- Etne kommune er medlem i Smådyrvakta på Haugalandet, som ikkje er lovpålagt. Der var 50 besøkande frå Etne kommune i 2022.
- Forskrift om bandtvang for hund vart utarbeidd og vedtatt av kommunestyret i juni. Det var vedtatt utvida bandtvang (frå 1. april til og med 1. oktober) med grunnlag i at beitedyra på fjellet mange stadar ikkje vert henta ned før i midten av september.

7.5 Samferdsle

I Etne sentrum langs E134 er det etablert nytt fortau få expert krysset, langs europavegen til og med bufelleskapet. Det var og etablert fortau over E134, frå Etne senter over mot bufelleskapet. Mellom fortau og Holmavegen er det og laga asfaltert gangsti.

Kommunen har ansvar for 34 bruer, og det blei i 2020 tatt ein tilstandsrapport på desse. 2 av desse burane blei oppgradert i 2022, Flåte og Slåkabekken.

Oppgradering av kommunal veg blei gjennomført på Sørstranda, Mørkeli og Osnesvegen. Her blei det også grøfta, fikse kummer og stikkveiter, lagt geo-nett som forsterkar vegdekke nokon stader og oppgradert autovern. Det var og etablert støttemur i samband med oppgradering av Sørstranda.

Elles har ein tømt sandfangkummar, utført kantklipp, årskontroll bruer, kosta vegar og elles vanleg vedlikehald.

Det var også nytt anbod på vintervedlikehald. Ein kald og snørik vinter har ført til høge brøyteknader. Anbod lastebil utført. Ny bil leverast februar 2023.

7.6 Bygg

Vedlikehaldsbudsjettet for bygg har våre ein stor utfordring for å kunne driva verdibevart vedlikehald, med bevilling om ekstra pengar er det fleire tiltak som blir iverksett.

Følgande tiltak utført:

Oppgradering heis Skånevik omsorgssenter
Gjenbruk av kunstgras til Etne og Skv. skule, lys på anlegga, samt reperasjon lys ballbinge
Reperasjon dusjar symjehall, varme-element, samt andre naudsynte driftstiltak. Oppgradering haster.
LED-lys Enge skule – ferdigstillas i 2023.
Nøkkelkort, Bufellesskapet og Skv. omsorgssenter (ikkje komplett)
Ball nett, Enge skule
Ventilasjon mellomtrinnet, Enge skule
Vaskemaskinar reinhald

Branntekniske vurdering utført på Skånevik omsorgssenter, Skånevik skule og Enge skule
Ny kompressor Bufellesskapet
Planarbeid lagerbygg - oppstartsfase
Langfoss – endringar i forhold til lys og vann. Ferdigstilt og klart til våren 2023
Fjerna falleferdig uthus ved Skånevik helsesenter
Robotklipper, etne omsorgssenter
Ny resepsjonsluke Skånevik omsorgssenter


Driftsoperatør har bidratt på fleire prosjekt på bygg, ombygging bemanna bu, oppgradering legesenter, oppgradering utleigebustader, gjenbruk av kunstgras i Etne og Skånevik i godt samarbeid med andre. Etne IL bidrar med mykje godt dugnadsarbeid. Tiltak uteområde engeleiren.

Reklamasjonar på Etne omsorgssenter krev tett oppfølging.



Straumsparingstiltak kommunale bygg førte til mykje misnøye hos brukare. Det har vært nokre avvik i løpet av året som har blitt handtert, hendingar og avvik etter kontroll av teknisk utstyr. Den største utfordringa er tak som lek. Krevjande tider med sein respons frå fagfolk. Bestilling av utstyr tek lengre tid enn vanleg.

Årsoversikt utrykkingar:

	Totalt	
2016	148	
2017	97	
2018	105	
2019	122	
2020	85	
2021	126	
2022	134	
AVVIK:		
Avvik eiga eining	37	
Handterte innkomne avvik	57	



Systemet LAFT fungerer bra: Systemet gir oss god oversikt over dokumenter og innmeldte arbeidsordrar. Det er framleis fleire som melder saker på e-post, eller ringer om det haster.



I 2022 blei det handterte ca. 3000 faktura i driftsbudsjettet.

7.7 Budsjett aksjoner

MÅL	Måltall	Kommuneplan	Status	Kommentar
Drift og Utvikling				
Gjennomføra analyse av grunnforhold/lausmasser	Innan 31.12.22	6.2/10.8	70 %	Lausmasseprosjektet er i gang og nærmar seg ferdigstilling
Leggja fram ny kommuneplan til høyring	Innan 01.07.22	10.16	70 %	Det er utfordringar som gjer at arbeidet er forsinka. Oppgåva er prioritet
Utarbeida skogbruksplan	Innan 31.12.22	5.6	40 %	
Auka grad av vedlikehald på bygg mot verdibevarande vedlikehald		9.2	60 %	Det er fortsatt eit stykke igjen før ein i stor nok grad klarar å vedlikehalde bygg i den grad ein bør
Auka sikkerheita på kommunale vegar		7.4	100 %	Fokus på dette arbeidet når vegar vert oppgraderte og asfaltert
Framleis levera god kvalitet på vatn til abonnentar		5.2	100 %	
Arbeida aktivt for god kommunikasjon og gjennomføring saman med næringslivet		5.4	100 %	Vert fulgt opp kontinuerlig
Det er generelt lågt sjukefråvære i einingane, men intensjonen er å senka sjukefråværet mot kommunen sitt mål . Sykefråvære har stege det siste året, og nytt mål er å få det tilbake til nivået i 2020	Redusere med 1 % i forhold til 2021.	8.6	50 %	Sjukefråværet i 2022 har våre for høgt, og kan ha samanheng med covid. Noko lengre sjukemeldingar pregar og statistikken
Arbeida for at reiselivsnæringa snakkar saman og klarer å samordna ei informasjonsside om kva tilbod der er i Etne kommune til ei kvar tid.	Innan 31.12.22	5.5	100 %	
Måлиндikator				
Gjennomføre ein offentlig analyse som klargjer risiko for lausmasseskred i den marine sone, med mål om å friskmelde så store areal som mogleg.	Innan 31.12.22	6.2/10.8	80 %	Lausmasseprosjektet er i gang og nærmar seg ferdigstilling
Få vedtatt ny kommuneplan i 2022	Innan 31.12.22	10.16	80 %	Det er utfordringar som gjer at arbeidet er forsinka. Oppgåva er prioritet
Få utarbeida fleire planar som ligg i planstrategien	Minimum 3 stk.	5.1	100 %	Vedtatt ny energi og klimaplan
Få mindre avvik frå brukarar og få lukka avvik på alvorlege område	30% færre avvik	9.2	100 %	
Utbetre vegdekker og auka vedlikehald av grøfter	Oppgr. sørstrandavegen	7.4	100 %	Det er gjort oppgradering og reasfaltering av strekk etter plan
Fortsetja med hyppig oppfølging av vassverka og prøvetaking	0 avvik	5.2	100 %	Utført